
B I K U B E G A N G


FOLGEFÖRNGATA 4-10
HÖST
VINTER
VÅR
SOMMAR
4A
4B
4C
4D
4E
4F
6A
6B
6C
6D
6E
6F
8A
8B
8C
8D
8E
8F
10A
10B
10C
10D
10E
10F
Feit, skalla og glitter
Sol i eit tomt rom
Betty og Henry (miss odda '58)
Wreck on the highway
Familiejul
Dublin
Losing in front of your hometown
Egen 40-no, like gammal som Morrissey
Prinsessa av Burundi
Moon River
I'll be crossing you in style (some day)
(Blind?)
Monster?
Robert Lie (Feit, skalla og glitter)
Stiffly (sjö jag hund hitta)
Tillitsmannen
Sean Penn blues
Jiddy
Hattjak
Gå lagos veg en som ein vanlig mann!
Popsong
Newcastle-Upon-Tyne
Kirsebær-pigen
Jetlag
Fantomsmerte!
Pva
Old Nordmann
Kina
Skrugge-bokstaver
Fotballgreven!
Vår
Sommar

BIKUBEGANG 24 STOPP I FRODE GRYTTENS UNIVERS

Kvar tok forteljinga til? Korleis kan du dikte ein heil by? Er historiene til å stole på? Kvifor 24 historier? Og kven har fyr?

Dette er boka om korleis Frode Gryttens Bikubesong blei til. Det er boka bak boka. Det er boka om løyndomane i bikuben. Frode Grytten går langs vegen som ein vanlig mann og stoppar 24 stader i Odda.


Frode Grytten og hans forfattarskap er svært viktig for Odda. Bikubesong spelar ei særleg stor rolle. Under Bikubeveka, då Det Norske Teatret sette opp scene-versjonen av Bikubesong i Odda, gjennomførte Frode Grytten guida turar i det mytiske Odda, med nye og ukjende historier om folk, stader og opplevingar frå ein oppvekst. Folk på gjennomreise eller besøk i byen spør kvar Murboligen og Rådhuset ligg, og kvar folkevogna til Fittetjuven stod da ho begynte å trille. I hendene held du Odda kommune sitt forsøk på å imøtekome behovet for å få vite meir om Frode Grytten sitt Odda.

Fotografia til Oddleiv Apneseth er ein del av boka Bikubesong, og ein del av denne kartboka. Men bileta står òg på eigne bein på utstilling i Odda. Kartboka fungerer òg godt som ei reise i seg sjølv frå sofaen, bussen, toget, flyet eller kaféen.

God tur!

Nina Kongtorp
Tenesteleiar kultur
Odda kommune

Toralv Mikkelsen
ordfører
Odda kommune



Kvit flekk, svart flekk

Får du til å teikne eit kart over verda utan å sjå etter noko? Neppe. Sluttresultatet blir garantert skeivt, skakt og forvirrande. Danmark vil kanskje sjå ut som ein opphovna tommel. Kina har krympa dramatisk. Irland er ein rugbyball. Og kvar er det blitt av Argentina?

Å teikne eit kart ut frå minnet er umulig. Det blir rett og slett ikkje presist. Du har eit indre bilde av korleis verda ser ut, men du er ikkje i stand til å gjenskape det. Å teikne eit kart er heller ikkje ein eksakt vitskap. Den profesjonelle kartteiknaren må gjøre mange val. Ein må selektere og avveie, ekskludere og forenkle, abstrahere og trekke frå.

Det finst ingen kart utan kvite løgner.

Om eg flyr frå vest til aust i Norge, plasserer eg meg helst ved vindauget på høgre side. Flyet brukar å gå over Folgefonna, Sørfjorden og Hardangervidda, som oftast nokre kilometer nord for Odda. På skyfrie dagar kan eg sjå ned på heimplassen min.

I nokre minutt er tettstaden synlig mellom bratte fjellsider. Den vesle halvøya der zinkfabrikken ligg. Elva som kuttar sentrum i to. Det nedlagte smelteverket som framleis breiar seg frå fjorden opp til Hjøllo.

Langt der nede finst barndomsheimen. Flyet går rett nok aldri lågt nok til at eg kan sjå huset, men det finst der nede. Kanskje sit far min med avisa mens han hører på radioen. Kanskje står mor mi ute på altanen mens ho steller blomstrane.

Eg flyr over Odda og tenker på *Bikubesong.* Eg veit ikkje heilt når roman-ideen kom til meg, men ein dag hadde han flytta inn i meg. Her bur eg, sa ideen. Her blir

eg. Ein dag skulle det bli i fullformat. Ein dag skulle det bli i widescreen. Eg hadde budd meg på det. Eg hadde trena og trena. Skrive og skrive. Små forteljingar, utkast, skisser. Ein dag skulle eg skrive om industristaden inst i Sørfjorden. Heimplassen min.

Eit håplaust prosjekt, sjølvsagt. Ei umulig oppgåve. Men ein dag tenkte eg at eg bare fikk hive meg ut i det. Hadde ikkje James Joyce skrive om Dublin? Hadde ikkje Robert Musil skrive om Wien? Ernesto Sabato om Buenos Aires? John Dos Passos om New York? Sherwood Anderson om Winesburg, Ohio? Haruki Murakami om Tokyo? Orhun Pamuk om Istanbul?

Nokon måtte skrive om Odda.

Det fikk bli meg.

Ok, dette er ikkje heilt sant. Hadde eg tenkt slik, hadde eg garantert gitt opp før eg tok til. Men lysta hadde krype inn i meg, lysta til å lage eit portrett av ein småby, eit portrett av Odda. Eg hadde så mange forteljingar oppe i hovudet. Eg ville stappe sidene fulle med folk. Køle på med folk. Rare, skakke, streite, vakre, snåle, vanlige, sinte, melankolske, lykkelige.

Eg kunne krydre med ein og annan tilreisande. Ein tilfeldig gjest. Ein partisekretær. Ein journalist. Mest skulle det vere Odda. Hundre prosent Odda. Seamus Heaney skriv i eit essay om korleis plassar også må eksistere i skrift. Ein må kunne erfare plassar også på lærd vis, ved å lese om dei, ikkje bare på levd vis, ved å bu der.

Nokon måtte skrive om Odda.

Det fikk bli meg.

Det tok meg fire år. Eg gjorde alt feil. Først plasserte eg forteljingane i rådhuset i Odda. Eg hadde ein tanke om at rådhuset skulle vere eit nav for alle historiene.

Det funka ikkje. I eit rådhus er det liv bare i periodar på døgeret. Eg pakka ned forteljingane og flytta dei over i Murboligen, eit stort murhus midt i Odda sentrum.

Så tenkte eg at forteljingane fikk spele seg ut over det tidsrommet som Murboligen hadde eksistert, frå 1915 fram til vår tid. Det fikk bli ei århundrekrønike, det måtte bli forteljinga om Odda frå bondesamfunn til industrisamfunn, frå turistattraksjon til sosialdemokrati. Det funka ikkje. Kva visste vel eg om livet i Odda på trettitalet? På femtitalet?

Eg tok til å skrive forteljingar frå mi eiga tid. Eitt år i Murboligen i Odda. Eitt år og nokre timar. I 24 rom. Ei forteljing til kvart rom. Det var ein plutselig frigjørande tanke. Eg kunne putte inn alt eg ville i dei romma. Lydar. Lukter. Stemmer. Kjørel. Popsongar. Tv-latter. Krangling. Alt som måtte vere med for å lage ein bikubesong.

Fire år tok det meg. Det var som ein rus. Det var som å opne ei luke i skallen. Eg opna opp luka og alt kom piplande ut.

Odda. Min vesle by, min vesle by.

I Joseph Conrads roman *Mørkets hjarte* seier hovudpersonen Marlow om sin barndom: - Og når det fanst ein kvit flekk som såg spesielt innbydande ut, la eg fingeren på han og sa at eg skulle reise dit når eg blei stor.

Marlow var ein drømmar, ein eventyrar. I dag finst alle desse plassane i atlaset. Du kan slå opp i namneregisteret og finne dei. Du kan gå ned på nærmaste reisebyrå og bestille ein tur dit. Oppdagarane sutrar og reiseskildrarane deppar. Alt er funne. Alt gjort. Alt er teikna ned. Bare oppfyllingas melankoli gjenstår.

Vi har utforska verda. Vi har systematisert stadnamn og avstandar. Vi har teikna høgdekurver og landegrenser. I mitt atlas er til dømes Odda blitt 6 C 1. Plassen er for lengst teikna inn. I leksikon kan du lese: *Kommune i Hordaland, i Hardanger lengst*

s.ø. i fylket, 1648 km^2, bratte lier, høytliggende fjellvidder, industri er dominerende næring og er stort sett knyttet til de to eldre tettstedene, Odda og Tyssedal.


Men kart og leksikon manglar likevel alt. Eit kart har gjerne med Dublin, men kva med *Dublin i regn?* Kvar kan du lese om *fittetjuvar* i leksikon? Har dei haustlige solbyger? Fyllikar? Bondeanger? Sladder? Kvar er kvinna som held hendene opp mot det stumme nattvindauget? Kvar er mannen som går langs vegen som ein vanlig mann?

Bikubesong var den første romanen om Odda i vår tid. Det første forsøket på å portrettere ein kvit flekk på kartet. Boka er sjølvsagt ein abstraksjon, ei forenkling, ei kvit løgn. Ein roman er heller ingen eksakt vitskap. Sluttresultatet blei kanskje skeivt, skakt og forvirrande.

Eg tenker at *Bikubesong* er eit portrett av ein svart flekk, ei reise inn i mørkets hjarte, ei skildring av ein bygdeby full i faenskap, røyk og karbid. Full i skjøre, rare, vakre, kraftfulle folk. No i ettertid er eg glad for at eg har fått nokon til å sjå dei, lese om dei og halde rundt dei ei lita stund.

Oppe i flyet kjem eg på at eg gjorde akkurat som Marlow i *Mørkets hjarte:* Eg fann ein kvit flekk som såg innbydande ut, la fingeren på han og reiste dit når eg blei stor.

Men eg trong ikkje reise bort, eg trong bare å reise heim.











1 MURBOLIGEN

Eg sit på taket og kjenner Murboligen leve under meg. Kvardagens akkordar svever ut vindauga. Kjørel, popsongar, fjensynsapparat, krangling, stemmer. Det er ein ny dag, ein ny song, ein bikubesong.


Kvar tar forteljinga til? Den amerikanske forfattaren Raymond Carver sa det slik: "Forteljingar må som hus, eller bilar for den saks skuld, byggjast for å vare. Dei må vere gode å sjå på, ikkje nødvendigvis vakre, men du må ha lyst til å sjå på dei. Og inni må alt fungere."


Eg har gått forbi Murboligen så mange gongar, på veg til skulen, på veg ned i Odda, på veg heim, på veg bort. Eg hugsar ikkje heilt når eg tenkte at Murboligen var noko å skrive om. Men det er noko med å stå utanfor eit slikt bygg, tenke på kva som skjer der lysa er tente, spekulere på kva som skjer der lysa er sløkte.

Ein kveld på Smeltaren kom ein fyr bort til meg. Han var ikkje heilt edru, men var heilt klar i talen: "Grytten, det er ingen i Odda som ikkje har budd i Murboligen". Eg måtte svare: "Eg er gjerne den einaste då?" Etterpå tenkte eg at eg likevel er den einaste oddingen som har skrive ein heil roman om Murboligen.

I 1914 tok dei til å byggje Murboligen som svar på bolignauda i Odda. For hundre år sidan flytta folk til Odda frå heile landet. Dei skulle byggje ut krafta i Tyssedal, dei skulle etablere smelteverk i Odda. Folk budde oppå kvarandre og trong husrom.

Åtti år seinare tok eg til på romanen om Murboligen.





2 FOLGEFONNGATA

Eg går ned mot riksvegen, blind og barføtt, svever gjennom Odda, den raude kjolen svulmar rundt kroppen min som ei sky, eg stansar midt i vegen, står stille under vidopen sommarhimmel, hører gata kviskre namnet mitt, om og om igjen.

Kanskje tok forteljinga til ein heilt annan plass? Til dømes i Raglan Road i Dublin? Eg hugsar haustkvelden for mange år sidan då eg gjekk gjennom Raglan Road første gong. Eg var skuffa, det var ingenting spesielt med gata. Joda, det var eit fint og stille strøk i sørlige Dublin, men Raglan Road var heller ordinær.

Van Morrison hadde lokka meg dit. Saman med The Chieftains serverer han ein fabelaktig versjon av den tradisjonelle irske songen. Teksten er skrive av Patrick Kavanagh, og det er lett å sjå for seg scena: Mannen som blir vàr ei kvinne som går forbi i Raglan Road, mannen som forelskar seg der og då, han som ønsker å nærme seg henne, han som kan gjøre kva som helst, han som vil gå inn i verda og bli eit heilt menneske.


Van Morrison syng denne songen med slik kraft at eg ein dag stod i Raglan Road. Eg hadde dramaet i hovudet, kvinna og mannen, korleis dei blir kjærastar, men også korleis ho forsvinner igjen: *On a quiet street where old ghosts meet, I see her walking now away from me.*

Eg var skuffa over gata, men så hugsa eg noko Morrison hadde sagt om songen. Noko om denne kjensla av å stå i ei bestemt gate, bare stå der og vite at i denne gata, i desse husa, i desse romma har det levd folk, her lever det folk. Tenk på alle dei historiene, alle dei skjebnane, alle dei drømmane.

Amazing! sa Van Morrison.

Slik er det å stå utanfor Murboligen også. Tenke seg dei liva. Finne opp dei liva. Dikte dei liva. I fire oppgangar. Med seks bustadar i kvar oppgang. I løpet av eitt år. Amazing!





3 FRELSESARMEEN

Det er veldig Odda, akkurat det der, er det ikkje? Ting kan eksplodere kva tid som helst, noko kan gå til helvete på fabrikkane, omnane kan bli sprengte i filler, folk kan bli sendte til himmels, fonner og steinar kan komme rasande ned i hovudet på deg.

Kvar kjem desse historiene frå? Med industrien blei Odda ein materiell stad. Nesten alt er knytta til det konkrete, til det som kan teljast, målast og vegast. Mirakla i Odda skjedde inne på fabrikkområdet der dei smelta kalk og koks om til karbid, ikkje i ein stall eller i ei svart bok.

Kyrkja eller trussamfunn fikk aldri noko godt feste på plassen. Frelsesarmeen ligg rett nok ved sida av Murboligen, og armeen satsa sikkert hardt på denne gudlause plassen inst i Sørfjorden. Men Gud kom aldri til Odda. Ferda stansa litt lenger ute i fjorden.

Likevel finst det nok å undre seg over i Odda også. Kanskje kvilar skrivinga i den undringa. Ei lyst til å gripe det som er uforståelig, ei vilje til å nærme seg det gåtefulle, eit driv til å utforske det underlige. Som Rolf Sagen seier det: "Han som tar verda for gitt, og ikkje forstår at ho er underlig, gidder sjølvsagt ikkje skrive om verda. Han som undrar seg og vil vite noko, er han som har behov for å uttrykkje seg, og det er han som vil arbeide med språk for å få sagt noko".

Det hører med at kombinasjonen av frelsessoldat og kinomaskinist er heilt reell, slik som i forteljinga "Vasstoffhyperoksid". Ein av dei lokale frelsessoldatane i Odda er også kinomaskinist. Armeen gjorde i si tid eit vedtak sentralt om soldaten i maskinistrommet på Odda Kino ikkje skulle sjå filmar med valdelig eller utuktig innhald.

Noko å undre seg over det også.

Og han flaug fø sovevom til sovevom i som ein høt karlsson på taket.

4 BARNESKULEN

Langt der nede ser eg meg sjølv, eg er på veg til skulen saman med mor mi. Det er ein fin forsommardag, og eg går hand i hand med mor mi. Eg skal skrivast inn på skulen.

Når tok forteljingane til? Eg har denne skrøpelige teorien om at kvart menneske har ei viss mengde ord i seg. Du kan bruke dei opp på preik eller du kan skrive dei ned, men talet på ord er avgrensa. Dersom du preiker mykje, trenger du ikkje skrive. Dersom du er ein stille person, må du skrive orda ut av deg.

Eg hører til i siste kategorien. Lærarane mine var passe oppgitt over at eg ikkje sa noko i timane. Dei såg på prøvane at eg kunne og visste, men eg sa ingenting. Det var først på gymnaset eg fann ut at eg hadde noko å melde i munnlig form. Då var eg så provosert av Andreas Skartveits artikkel om populærkultur at eg utbasunerte: "Bob Dylan skulle faen meg hatt Nobelprisen!"


Å bli forfattar var imidlertid utenkelig. Å leve av å skrive? Det var slikt ein gjorde andre plassar, langt borte. Det var ingen i familien min som dreiv med noko som likna ein gong. Eg hugsar korleis bror min hata å skrive stil. Eg likte det. Å finne på, smi setningar, få nokon til å le av det eg hadde skrive. Eg heldt det mest for meg sjølv at eg skreiv. Eg var då faen ikkje homo heller.

Eg trur det fanst to måtar å overleve på i Odda då eg voks opp: Du kunne vere svær i kjeften, eller du kunne vere god til å spele fotball. Eg overlevde på grunn av at eg var ein habil målmann og ein labil høgreback. Talentet var ikkje direkte oppsiktsvekkande, men eg heldt fram med å spele aktivt heilt til eg flytta frå Odda.

Som fjortenåringar overnatta vi til og med på horehus. Vi hadde blitt krins-meistrar og premien var tur til cupfinalen. Men alle hotell i Oslo var overfylte, og trenaren kom opp med Villa del Campo som alternativ. Plassen blei drive av ein eks-odding og stod tom etter ein politirazzia. Dei fleste foreldre tenkte nok på

Broren er skrudd fer? Rman




fotball som ein oppbyggande og heller harmlaus aktivitet, men her hamna vi altså på horehus før vi knapt var kjønnsmogne. Eg hugsar framleis blikket frå garva drosjesjåførar som snudde seg og stira på fjortenåringane som forlangte frå baksetet: "Kjør oss til Villa del Campo!".

Dei fleste kampane gjekk elles mot slike lag som såg på oss som eit hatlag, som det laget som for ein kvar pris måtte sablast ned. Spesielt stressande var det å komme til Tyssedal der foreldra brølte til oss frå sidelinja: "VI SKAL FAEN MEG STENE DÅKKER!" Dei snakka litt finare i Tyssedal enn i Odda, men bodskapen var ikkje mindre skremmande av den grunn.

I slike pressa situasjonar henta vi fram Oddas lokalpatriotiske heiarop. Vi samla oss i ein sirkel, stod med armane over skuldrene på kvarandre og ropte alt vi kunne. Eg veit ikkje om det heiaropet eksisterer framleis eller om det har jogga rett inn i glømmeboka. Stor lyrikk var det ikkje, men eg kan forsikre om alt fungerte: *Alkohol og LSD/syfilis og gonoré/Rabbakuk og slingrefitte/Odda Odda Odda*

5 PLATESJAPPA

Eg kjøper alle platene frå Newcastle no, må betale toll for dei, men likevel blir det billigare enn om eg skulle kjøpt dei nede hos Lilly. Om ho hadde ei hipp plate, då. Det hadde vore ein sensasjon. Då måtte dei faen meg ha skrive om det i avisa. Hipp plate observert hos Lilly. Les alt om det. HIPPE LILLY SLÅR TIL IGJEN.

Kjem forteljingane frå musikken? Eg kunne ikkje synge. Det var sjølvsagt eit nederlag. I sjetteklassen stira læraren på meg og sa: "Det er ein som syng falskt her... ". Eg var tatt på fersken med ein frosk i halsen.

Songane lokka likevel. Betzy er ikkje den som skal takkast. Ho dreiv platesjappa i Odda, og alle platene låg på merkeligaste vis på kaia. Vi frekventerte sjappa, men Betzy sa alltid at platene låg på kaia. Alle gode plater låg faen meg på kaia. Det fikk oss til å dikte opp køddenamn og spørje om Betzy hadde fått dei inn. Men også den siste til The Lum Hum Hum eller The Bolleristers låg på kaia.

Håpet blei tent då Ellingsen-familien skulle overta sjappa, men håpet blei raskt sløkt igjen då det viste seg at den nye eigaren skulle kombinere salet av plater med sal av barnevogner. Eg måtte bestille platene frå Newcastle. Roxy Music. Bowie. Van Morrison. Springsteen.

No tenker eg at det var ei dør inn til skrivinga. Popen var nærmare, tettare på, mindre skremmande enn litteraturen. Som vokalisten i bob hund, Thomas Öberg, sa i eit intervju ein gong: Han følte seg fri då han tok til å skrive. Det var ingen som forventa at han skulle få det til. Det gjorde ingenting om det blei dårlig. Han kunne gå inn på ein bane utan strekar, mål eller cornerflagg.

Popen skapte same fridom for meg. Pønken kom susande med ei kjensle av at alt var lov, det var bare å gjøre det, gi faen, bare gjøre det. Akkordane sit framleis i brystet frå den kvelden eg hadde vore på fotballtrening og såg på tv. Eyvind Solås i Musikknytt skulle spele musikk til skrekk og åtvaring, og så reiv Sham´69 av seg "Borstal Breakout". Når du er femten, bur i Odda og har ein frosk i halsen, synest du sjølvsagt at det er det tøffaste du nokon gong har sett. Eg fikk mjølka i vrangstrupa og fårepølsa i nasen. Det var eit sjokk, ein revolusjon, eit tupp i ræva.

Fleire år seinare fikk eg sjå ei Guinness-ølbrikke der Claude Debussy definerte musikk på den eine sida: "Musikken er lydens aritmetikk, slik optikken er lysets geometri." På den andre sida var det Sid Vicious frå pønkebandet Sex Pistols sin tur: "Du veljer bare ein akkord, får det til å seie twang, og du har musikk".

Pønken skapte denne fridomen for folk i min generasjon. Du trong ikkje vere verdsmeister. Du trong ikkje vere Ibsen for å skrive. Du trong ikkje vere Debussy for å få det til å seie twang. Du kunne bare gjøre det.

Men som Thomas Öberg frå bob hund også sa: "Får man lov att sparka bollen över stadion, är det stimulerande att se hur långt man kan få iväg den".

Fiende nr 1

Det er så mange plassar eg kan ta til, det er så mange ting eg vil ha med, men ein stad må eg gå inn og seie: Greitt, her byrjar det. Og denne gongen får det bli i Denver, Colorado. Hausten 1987 tvinga ein væpna mann seg inn i lokala til ein kommersiell radiostasjon i den amerikanske byen. Programleiaren og produsenten blei tatt som gislar.

Politiet kom raskt til og omringa studio. Lyttarane og politiet forventa å høre ein desperat mann kringkaste sine krav om pengar eller fritt leide. Gisseltakaren overraska alle. Han verka rolig og hans einaste krav var at radiostasjonen dei neste 24 timane skulle spele musikk av den britiske popgruppa The Smiths.

Opp frå arkivet henta skjelvne radiofolk platene til det heller ukjente bandet: Fire studioalbum, tre samleplater og 17 singelplater som blei spytta ut på rekordtid midt på åttitalet. Med nærmast manisk jubel produserte gruppa ei utrulig samling popsongar. The Smiths var fire engelskmenn med irske røter, fulle av pophistorie, fulle i faen, fulle av talent.

Kvartetten stod fram som ferdig gruppe frå første strofe, frå første singelplate var dei suverene. Dei kom frå skitne, regnfulle Manchester og sendte sine klassiske songar rett i solar plexus på ei verd som hadde guarden nede. Vokalisten Morrissey kunne vere bitande og sarkastisk i tekstane, men gitaristen Johnny Marr var utan unntak stilfull og sofisitikert i musikken.

The Smiths kollapsa mindre enn fem år etter opptakten. Johnny Marr orka rett og slett ikkje meir. Han hadde fått nok av anarki, flat struktur, rot med plateselskap, ein bassist på kvilelaus jakt etter dop og ein trommeslagar på kvilelaus jakt etter damer. The Smiths var sørgelig nok historie mens dei kunstnarisk framleis svevde høgt over vatna.

Frontfigur Morrissey har sagt at han vurderte å ta sitt eige liv då han skjønte at det var slutten for hans hjartebarn. Han har også sagt det motsette, at han ikkje felte ei einaste tåre. Etter nokre månader reiste han seg uansett og snubla lenge vidare som ein litt over middels vellykka soloartist. The Smiths nådde aldri ut til eit verkelig stort publikum på åttitalet. Likevel markerte dei seg med slik kraft at dei i ettertid er blitt kåra til musikkhistorias viktigaste gruppe.

Detaljane rundt gisseldramaet i 1987 er noko uklare, kanskje fordi politiet frykta smitteeffekten, at andre musikkentusiastar skulle ta seg til rette i radio- og fjernsynsstudio verda over. Heilt utenkelig er det ikkje at den unge Smiths-tilhengjaren reagerte på meldingar frå England om at favorittgruppa hans var oppløyst. Tidspunktet kan stemme.

Radiostasjonen skal uansett ha etterkomme kravet i rundt fem timar. Ut over det haustlige Colorado strømte popmusikk lagd av ein obskur kvartett frå det nordvestlige England.

Morrissey sjølv har kommentert episoden med stor entusiasme: – Alle mine fans burde vere slik!

Rekkjer det? Held det? Sikkert ikkje, men det kjem meir, det kjem meir. For det må seiast her, det må seiast no: Eg er fan. Heile *Bikubesong* tenker eg på som eit dobbelt Smiths-album. Lydsporet til den boka er alle Smiths- og Morrissey-songane. Kanskje har eg ikkje utvikla same interessa for våpen som han amerikanaren, kanskje er eg ikkje særlig hypp på å ta folk til fange, men eg kunne godt ha ropt med gisseltakaren i Denver, denne sweet and tender hooligan, då han blei ført ut til ventande svartemarje: – Morrissey, I love you!

Eg hugsar ein høgspent, elektrisk vårdag i 1984 då eg kjøpte den første Smiths-plata på Apollon i Bergen. Det var inga tvil. Eg hadde ein handgranat mellom hendene. Splinten var vekke, splinten hadde eigentlig aldri vore der, og eg visste at eg måtte bære denne plata som ein baby over Puddefjordsbrua, leggje ho varsamt ned på spelaren og bare håpe det beste.


Andre plater hadde gjort inntrykk. Andre plater var energiske, vakre, såre, medrivande. Her var ei plate som var alt saman på ein gong. Enkel og kompleks. Tradisjonell og nyskapande. Avvisande og øm. Kald og varm. Sur og søt. The Smiths var til og med hylande vittige: *Punctured bicycle/on a hillside desolate/will nature make a man of me yet?*

Morrissey dansa som ei påskelilje og stakk som ei rose. Han var ein verbal akrobat, ein blyg ekshibisjonist, ein ambisiøs outsider. Han opptrådte med blomstrar i bukse-lomma på Top Of The Pops. Han siterte avdøde poetar når han blei spurt om inspirasjonskjelder. Han sa alle dei gale tinga. Han sa alle dei rette tinga.

Steven Patrick Morrissey frå Manchester har vore folkefiende frå den dagen The Smiths debuterte på plate. Han er blitt skjelt ut, latterliggjort og trakassert. Det er snart ikkje den ting han ikkje har vore skulda for.

– Denne mannen er eksepsjonelt hatefull. Han har trua med å ta livet av Mrs Thatcher, og no ønsker eg å tiltale mannen, sa det britiske parlamentsmedlemmet Geoffrey Dickens i si tid.

Då hadde Morrissey gjort meir enn å true, han hadde allereie tatt livet av Margaret Thatcher. Debutplata hans som soloartist sluttar med songen "Margaret On The Gillioutine", og der kjem den dødelige øksa susande ned etter at Morrissey har sunge om den enorme letta det vil bli for folket med ein stein død statsminister.



Morrissey er definitivt ein mann i outsiderbanden. I hovudsak har han valt tilbaketrekninga som sin strategi. Han vil heller sitje heime framfor å vise seg på byen. Han seier at han lever i sølibat. Han seier at hans beste selskap er Morrissey. Det finst mykje hat i tekstane. Viva Hate! Både i songar og intervju langar Morrissey ut etter dumskapen og svina han meiner ikkje fortener anna enn forakt: Autoritetane, advokatane, politikarane, rektorane, sjefane i plateselskapa.

Songen "Boxers" er ei av hans perler. Her serverer han endå ei linje som det er umulig å få ut av hovudet: *Losing in front of your home crowd*. Meir trenger han ikkje seie. Du har alt teften av songen. Du luktar blod, gjørme, regn. Du ser den forslåtte

boksaren som prøver å reise seg, som forsøker å halde fram. Men tannbeskyttaren kjem skranglande ut av kjeften på han, beina visnar vekk under han og regnet hamrar nådelaust på asfalten.

... seks … sju … åtte … ni … TI!

Eg ser Morrissey for meg når eg speler den songen, denne gløymte perla, denne perfekte popsongen om boksaren som taper framfor eit lamslått heimepublikum. Det er lett å tenke seg Morrissey i rolla. Han er ein mann som stadig går ned for teljing på heimebane.

Men han er også ein mann som alltid reiser seg. Han flirer skeivt, får håret til å klatre høgt igjen og er klar til å halde fram. Og publikum heiar på han, det er hans eige folk, dei veit at Morrissey er deira mann. The crowd call your name, they love you, all the same.

Det finst eit fotografi av Morrissey frå 22. desember 1988. Denne kvelden er Morrissey i Wolverhampton for å gjennomføre sin debutkonsert som soloartist. Fotografiet viser ein publikummar som har bana seg veg fram på scena til den tidligare Smiths-vokalisten. Ungguten med stråhatt på hovudet legger armen rundt Morrissey og klemmer sin helt.

Det kunne godt ha vore gisseltakaren frå Denver som har flydd over Atlanteren for på nytt å rope: – Morrissey, I love you! Guten uttrykker det alle i salen føler. Denne kvelden har publikum drukna songaren med blomstrar, teikningar, kjærleiks-erklæringar. Dei er overlykkelige over at han står der, det er som dei instinktivt veit at han trenger omsorg, at han har vurdert å gjøre slutt på det, og dei veit kva dei har å gjøre: bombe han med kjærleik.

Endå ein gong studerer eg fotografiet, og ser songaren som slett ikkje er avvisande, songaren som med eit blygt blikk klemmer guten tilbake, som han vil seie: "Det kjem til å gå bra, det kjem til å gå bra!" Det er blant dei ømmaste bilda eg har sett. Den unge guten som får halde rundt sin helt, den noko eldre artisten som klemmer ein frå den store massen. Med mjuke kroppar gir dei seg over til kvarandre.

Her, som så ofte elles hos Morrissey, er skiljet mellom sal og scene viska vekk. Han er ikkje der oppe, dei er ikkje der nede. Han er ikkje betre enn dei, han er ein av dei. Som han syng i "Paint A Vulgar Picture", og då frå ein fan sin ståstad: *you're just the same as I am*. Morrissey er ikkje eit popidol. Han har aldri vore eit popidol. Han lever ikkje som eit popidol.

I intervju etter intervju understrekar Morrissey korleis han på alle vis vil verne om og omfamne sitt publikum. Omsorga går ikkje bare frå salen til scena, men også andre vegen. Han uttrykkjer stor irritasjon over konsertvaktene som nektar publikum å komme opp til han på scena. Han ønsker publikum opp på scena, han vil ha dei der, som i Wolverhampton då konserten enda med at eit kjærlig folkehav nærmast drukna Morrissey på podiet.

– Mine fans er svært høflige, seier Morrissey i eit intervju. – Mitt publikum blir hengt ut som svake, slappe, viljelause folk som burde verve seg i hæren. Men i mine auge er dei skuffande sunne … ha ha ha!

No preikar vi. No er vi på sporet. Morrissey er deira mann. Morrissey er vår mann. Morrissey er ein mann som stig opp frå massen, opp frå fleirtalet og som entrar scena med sjølvsagt eleganse (Hello, Oslo! We is Morrissey! som han ein gong presenterte seg med frå scena), men han forblir likevel fleirtalets mann. Han er ein opprørar frå den kvardagsgrå gata, frå ein plass midt i verda, han er ein egalitær

revolusjonær, ein forsvarar av alt det vanlige.

Til og med namnet The Smiths sladrar om det gjennomsnittlige, om det normale, om det kjedelige, om traurige familiemiddagar, kyssing under den rustne jernbanebrua ein laurdagskveld, bilvaskar ein søndags ettermiddag, kalde soverom i skitne mursteinshus. Gruppas gjennomførte coverkunst understrekar det same, denne evige krinsinga rundt det vanlige og ordinære, rundt konkrete fysiske stadar og menneske som er vanlige, dødelige, levande, vakre, lengtande. Morrissey går langs vegen som ein vanlig mann.

Og meir, meir: Morrissey er så menneskelig i alt han gjør. Kanskje går ting til helvete, kanskje blir den vakre lengta bare forvandla til noko ekkelt, men han skildrar dette også, og han er ein mann som aldri gir opp. Han reiser seg og held fram, kjem tilbake, vaklar, men held fram. Nettopp fordi han veit kva som er den viktigaste menneskelige drivkrafta: Alt vi ser med auga lukka.

– Eg er ei positiv stemme, seier Morrissey.

Ei positiv stemme? Ikkje få meg til å le! Bransjen, pressa og eliten har alltid kasta Morrissey opp i sekken som det står "sutrekopp" på. Så snører dei igjen. Det er sjølvsagt eit forsøk på å ufarliggjøre mannen. For han er ein farlig mann, ein folkefiende. Nettopp fordi han viser at det går an å leve i kvardagen også. Det er sjølvsagt det vanskeligaste av alt å svelgje for ei propagandamaskin som jobbar døgnkontinuerlig med å fortelje verda det motsette.

Når Robbie Williams syng at han lengtar etter å ha real arms around me, er han bare på jobb. Han spinner bare popsongarens kjente nett av suggestive bilde. På videoen har rollefiguren Williams allereie sjekka opp ei viljug blondine, og utanfor studio fangar paparazziane ein verkelig Williams som ikkje ser ut til å ha problem med å skaffe verkelige armar rundt seg.

Når Morrissey syng last night I felt real arms around me, er han i stand til å forvandle si eiga lengt og einsemd til kunst. Han er ein sårbar mann utan kontroll, han fell og ingen tar imot. Han hører ikkje til, han er hata for å elske, men trass alt: Han er framleis seg sjølv. Utan blygsel legg han fram alle dei rå kjenslene. Bitande, blinde, uforsonlige, bitre, vonde, nakne, lyse, vittige, vakre, sjølvmedlidande.

Eg trur det er Morrisseys største triumf. På sitt eige sjuke vis omfamnar han fleirtalets stille normalitet. Han er talentfull nok til å skildre den verkelige verda slik ho kan vere. Og han veit at det vanlige livet ikkje er ein idyll eller ein klisjé. I hans verd er menneska verken halve eller case. Dei er heile menneske, underlige og komplekse. I hans univers er det naturlig plass for alle, også dei kriminelle, dei hatefulle, dei blyge, dei små, dei hundsa, dei homofile, dei latterliggjorte, dei lengtande.

Nokre folk tar gislar for å få spelt Morrissey sin musikk på radio, andre omfamnar han på scena. Eg trur det er ei slags lette, ein menneskelig reaksjon som er høgst forståelig. For ei lette! Alt er ikkje bare sladder, sludder og søppel. Alt er ikkje bare retusjerte kjendisar og absolutt undehaldning. Nokon meiner alvor. Nokon bryr seg. Nokon er ikkje bare jobb.

For ei lindring! Det finst ein mann med stort talent nok til å lage sanne songar om korleis vi lever, nokon veit kva som verkelig rører seg der ute, nokon har stort nok hjarte til å gjøre noko med det. Jo, slik er det: Morrissey sine songar blir noko meir, noko større, noko viktigare. Dei blir songar som kan redde liv.



6 FLYTEBRYGGA

Det første partisekretæren gjorde då han kom til Odda for å halde talen for dagen, var å miste taket og ramle rett i Sørfjorden. Han skulle til å stige frå flyets flottør inn på flytebrygga då han glei og gjorde ei ukontrollert rørsle med eine handa slik at brillene blei hengande på skeive. Resten av dagen hadde han den kjensla i kroppen, kjensla av å falle.

Kvar kjem songane frå? Eg intervjua Leonard Cohen ein gong på Grand Hotel i Oslo. Han stod med ryggen til då eg kom inn. Cohen plukka seg nokre druer og eigde plassen. Sjølv med ryggen til var han suveren. I intervjuet sa Cohen mellom anna: "Om eg visste kvar dei gode songane var, så ville eg gått rett til dei. Eg skulle gjerne ha vore ein slik fyr som skreiv gode songar i baksetet på ein taxi, det er eg ikkje, eg skriver gode songar ved å krype under teppet i møkkete undertøy og ved å banke hovudet mot veggen."

Slik er det. Du skulle så gjerne ha visst kvar dei gode songane er, kvar dei gode historiene gøymer seg. Du veit at dei kan ligge lagra i bakhovudet, i ein bisetning, i ein avisartikkel, i noko du hører på bussen. Det gjeld å skrive det ned, og er bildene sterke nok, kjem det ord, blir det språk, blir det forteljing. Men eg veit ikkje alltid kvar det tok til, kvar det tok fyr, kva som var fyrstikka.

Forteljinga "Tillitsmannen" veit eg godt kvar eg fann. Eg blei sendt ut på oppdrag for Bergens Tidende til Sunnfjord. Vi tok sjøfly, det var noko som hasta, vi måtte få saka på trykk til dagen etter. Oppdraget hugsar eg knapt, men eg hugsar korleis eg plutselig stod med vatn opp til livet. Eg skulle gå om bord i flyet. Då glei eg og gjorde ei ukontrollert rørsle med eine handa slik at brillene blei hengande på skeive. Då eg instinktivt prøvde å redde brillene frå å falle i vatnet, kom eg i ubalanse og var plutselig på full fart bakover i staden for framover. Eg gjekk under.

I mai talar
kjem med sjøflyet
og fallen i sjøen



FOLGEFONNGATA 4-10
Oppgang 4
Haust

4a
Syng meg i søvn
Vestlandets største Morrissey-fan med sjuk og døande mor

4b
Prinsessa av Burundi
Mai Britt, også kalt prinsessa av Burundi, omfangsrik kvinne som blir kurtisert av bosniaren Adam

4c
Dublin i regn
Gift, namnlaus kvinne som får telefon seint på kvelden

4d
Kameratt måne
Tidligare astronaut, no ein heilt vanlig, kjederøykande odding

4e
Betty og Henry
Betty, Oddas vakraste kvinne, og Henry, Oddas beste spiss

4f
Sol i eit tomt rom
Enkefrua etter Tomas, eitt år etter at Tomas gjekk bort







Det var ein urkomisk situasjon: Den lite elastiske kroppen som ikkje maktar å leve opp til dei fysiske krava som verda stiller. På veg heim lo vi godt og lenge av episoden. Eg sat klissblaut på passasjersetet og likna mest ein uheldig Donald frå Andeby. Men situasjonen var også pinlig, resten av dagen hadde eg denne kjensla av å falle, korleis eg skjønte det lenge før eg låg der. Det var noko nedverdigande i rolla som ufriviljug Donald, ei kjensle som eg tenkte at eg ville bruke seinare.

Sjansen kom då eg kunne sende AP sin partisekretær til Odda for å halde første mai-talen. Eg sendte han rett til botn. Og så dyppa eg han to gongar til i løpet av dagen. Talen i romanen er forøvrig mekka saman ved at eg har kutta opp og limt setningar frå essay av Thorbjørn Jagland og biografiane til Gro Harlem Brundtland. Det var ei glede å studere dei lokale arbeidarpartifolka på premieren av *Bikubesong* i Odda 1. mai 2004. Mange av dei sat saman på eine tribuna i vest. Og då deira lett paniske partisekretær øvde seg på ein noko vasstrukken tale, såg eg AP-folka nikke nøgd på hovuda: God tale, glimrande tale, perfekt tale!

7 TORGET

Stort sett skjedde det ikkje noko som helst. Odda var blitt by frå årsskiftet, men det skjedde ingenting her. Nothing. Denne plassen var som dei konsertane på MTV – unplugged.

Så kvar tok det til? Desse forteljingane som skulle skildre Odda og Murboligen, kvar tok dei eigentlig til? Hausten 1995 reiste eg til Obrestad fyr for å skrive det eg hadde tenkt skulle bli eit portrett av heimplassen min. Hå kommune leier ut bustader på fyret, og eg var heilt åleine med ein pc. Eg hadde ikkje rekna med at det skulle gå så galt. Eg fikk ikkje til nokon ting, eg lytta bare til vinden og skreiv nokre dårlige dikt. Seinare har eg konkludert med at eit slikt skriveopphald på Obrestad fyr kan delast i fire fasar: 1) du er optimistisk med tanke på skrivinga og



går bare nynnande rundt, 2) du får ikkje heilt dreisen på det og tar til å snakke med deg sjølv og litt med dei som er på radioen, 3) du får ingenting til og skjellar regelrett ut dei som er på radioen, 4) du blir Jack Nicholson i *The Shining.*

8 BUSSTASJONEN


Eg syklar bort på busstasjonen. Kanskje kan eg treffe ei jente som ikkje kjem frå Odda. Ei med opent sinn, ei som ikkje veit kven eg er. Eg låser damesykkelen, går inn og kjøper meg ei brus i kiosken. Faen, det er som å vere seksten igjen. Seksten, klossete og sky. Eg har alltid vore blyg og fjern. Eg har alltid vore kriminelt sky. Eg har alltid vore alt det jentene ikkje liker.


Men kjem plassen eller menneska først? Det tok si tid å finne staden der forteljingane skulle falde seg ut. Det må finnast ein plass for at noko skal skje, som Elizabeth Bowen sa: "Ingenting kan skje i ingenmannsland". Eg reiste heim frå Obrestad fyr utan ei einaste side med tekst og sette meg til under trappa heime for å skrive på det som skulle bli *Bikubesong*.

Fire år skreiv eg. Det tok nokre månader før eg skjønte at det ikkje var bygget som interesserte meg. Eg hadde først valt Rådhuset i Odda som ramme for forteljingane, så hoppa eg elegant over til Murboligen. Då forstod eg at det var menneska som var interessante, ikkje sjølve huset eller romma. Folka. Oddingane. Dei som held på og dunkar i veg 24 timar i døgnet.

Då kom tekstane. Det var luka som opna skallen. Forteljingane kom ut. Folka dukka opp. Eg kunne gjøre kva som helst med personane. Skru dei til, dikte dei opp, setje dei i rørsle. Få dei til å krangle, elske, angre, lyge, snakke sant. Eg kunne til og med sende ein av dei ned på busstasjonen på jakt etter ein kjærast for å trøste den døande mora si. Som Ragnar Hovland diktar:

Kva vil du helst sjå/nyheiter eller folk som kyssar kvarandre?









9 ALMERKEPARKEN

Dei hadde hørt litt av kvart om Odda, plassen hadde eit passe ròtent rykte den gongen. Avisene skildra Odda som ein syndig pøl. I dei uskuldige etterkrigsåra var Odda rekna som ein gudlaus plass med drikk, hor, slåstkampar, hærverk og småkriminelle.

Korleis kan du dikte ein heil by? Ein kjent norsk forfattar sa ein gong at han var så lei den norske litteraturen. Han var lei fordi den norske litteraturen bare handla om den norske steinrøysa. Han sakna europeisk utsyn i norsk litteratur, han sakna vidsyn og europeiske tankar.

Eg tenker at steinrøysa må vere noko av det mest interessante du kan skrive om. Eg hugsar den gongen eg bare drømte om å skrive. Eg var misunnelig på Ernest Hemingway, Raymond Chandler, John Fante, Flannery O´Connor. Alt dei hadde å skrive om, alt dei kunne dikte frå byar som Los Angeles, Denver, Paris, Madrid. Alt det frodige, alt det ekstreme, alt det høge og låge. Alt fanst der.

Seinare då eg verkelig tok til å skrive, gjekk det opp for meg at Odda var dramatisk nok. Plassar som Odda moderniserte Norge på spektakulært vis. Odda er ramma inn av høge fjell og djup fjord. Odda er kontrastfull, fandenivoldsk, gjennomsiktig og ujålete. Odda har historiene, forteljartradisjonen og råstoffet. Alt finst her også.

Ei perfekt steinrøys å skrive om. Kven lengtar etter europeisk utsyn når ein har Odda i blodet? Det var bare å setje seg ned og dikte ein heil by.

Men om skildringane er så god Odda-reklame, veit eg ikkje heilt. I ei dansk avis skreiv meldaren dette om den danske *Bikubesang*: "Han har sett scena i ein av Norges mest trøysteslause utpostar, Odda, i botnen av ein dyster fjord, der smelteverkets gule røyk stig loddrett til vêrs." Eller som ei jente skreiv på nettet: "Vi blir kjent med et Odda som svært ofte er regntungt og grått, og personlig har jeg ikke lyst til å bli nærmere kjent med det stedet".

Hadde dansken eller jenta komme til Odda, hadde dei nok blitt overraska. Det er vakkert i Odda. Det er tøft og vakkert. Før industrien blei etablert, var Odda blant dei mest attraktive reisemåla for overklassen i Europa. Tyskarar, franskmenn, engelskmenn og russarar kom hit for å puste inn pur norsk luft. Då var det garantert europeiske tankar og lett konversasjon på Hotel Hardanger. No er bygget i sveitsarstil erstatta av ein steinpark og ei taxibu. Sosialdemokratiet sigra.

10 GÅGATA

Ho gjekk ned Gågata, tok til høgre ved Hjørna og heldt fram over brua. Han følgde etter i passe avstand slik at han var sikker på at ho ikkje ville sjå han om ho plutselig skulle snu seg. Ein augneblink var det som han kunne sverje på at beina hennar ikkje rørte fortauet. Ho svevde gjennom gatene.

Kvar finst dei ordinære mirakla? Eg trur dei finst over alt. Bare du ser lenge nok. Men om du bare susar forbi, oppdagar du dei ikkje. Om du sit innkapsla i bilen din, ser du ikkje verda. Om du bare svisjar gjennom ein liten stad, er du nærmast blind. Odda? seier folk. Der har eg kjørt gjennom. Odda? seier folk. Der har eg stansa for å kjøpe ei pølse. Så ser dei litt flaue ut. Den framande som hastar gjennom Odda, er blotta for sansen for plassen, hører verken til her eller har lese om plassen. Riksvegen bare susar forbi under deg. Men om du stansar opp, går ut og ser etter, så kan det hende at du oppdagar dei ordinære mirakla. Då ser du kanskje ei jente som svevar gjennom Gågata i Odda, tre-fire centimeter over bakken, ho som går ned Gågata utan å ta nedi bakken. Det er heilt sant. Det har skjedd. Det skjer kvar einaste dag.






11 MERKUR CAFÉ

Nede på Merkur snakka dei om at folk nokre gonger finn seg sjølve på plassar der dei aldri trudde dei skulle hamne. Du tar dei feile vala, du går feil, du går deg vill, og plutselig er det ingen veg tilbake. Det hadde skjedd med Henry, det kunne skje med kven som helst.

Kvar kjem gløda frå? Eg tenker på denne vegringa for å sjå sin eigen plass. Motstanden mot å sjå plassen slik han verkelig er. I gamle dagar hadde uteplassane i Odda namn som Iris og Merkur. Det er først dei siste åra at oddingane har komme ned frå galaksane og tatt til å kalle sjappene for Smeltaren, Karjolen, Turbinen (intermessoet med Hard On, der eigaren ikkje visste kva Hard On betydde på engelsk, får ein rekne meir som eit... ja, intermesso).

Det tok nesten hundre år før Odda såg seg sjølv i spegelen og såg ein industriplass. No er industrien blitt museal og verneverdig. Smeltaren står på sokkel utanfor verket. Smeltehuset skal vernast. Det går an å forstå at det har tatt tid. I Norge har ein alltid sett ned på industristadane. Som Dagbladet skriver: "Dette nitriste industristedet i Sørfjorden, knuget under mørke fjell".

Det er nesten ingen som har likt oss. Når regjeringa sin umiddelbare ryggmargrefleks på at Odda-samfunnet ber om hjelp i ei krisetid, er at Odda får klare seg sjølv og at Odda ikkje får fem øre frå Staten, då er det den kvite mann som preikar. Svartingane får klare seg på eiga hand. Trass i at plassar som Odda, Årdal, Høyanger, Sauda, Ålvik moderniserte Norge. På same vis som James Brown moderniserte populærmusikken.


"Hadde det ikkje vore for meg", seier James Brown, "hadde vi ikkje hatt nitti prosent av musikken du hører i dag.". Eg trur oddingane alltid har vore stolte, dei har vore svarte og stolte. I alle fall så lenge dei ikkje måtte snakke for høgt om det. Dei kunne ikkje skryte av det. Dei måtte bare ha det inni seg, vere black and proud på innsida.

Sjølv har eg oppdaga Odda så mange plassar. Odda finst i bilda til Chris Killip frå Tyne-området. Odda finst i songane til Tindersticks frå Nottingham. I tekstane til Bruce Springsteen frå Freehold, New Jersey. I romanene til John Fante frå Boulder, Colorado. I musikken til The Blue Nile frå Glasgow. I bilderutene i filmen *Hatet* av Mattieu Kassovitz frå forstadane utanfor Paris.

Å skrive fram ein plass er å vere i dialog med andre plassar og andre folk som skapar. Å skrive er også å nærme seg det du hører, det du leser, det du ser. Eg blei dradd mot romanane til Alan Sillitoe, songane til Prefab Sprout, filmane til Martin Scorsese. Og det var Odda inni der som var fyrstikka. Songane, bøkene og filmane fortalte noko om min eigen plass. Eg fikk lyst til å utdjupe, halde fram og motseie. Eg ville skrive, skrive, skrive.

Og no har eg skrive så lenge at eg ser til mi gru at Gågata er full av helsebutikkar. Merkur Café er stengt, og vi har i staden fått Sunkost, Snoperiet og Hud & Helse. Kvar gjekk det så galt? Det verkar lenge sidan vi gjekk på Merkur for å ete pizza. Dei hadde verkelig god mat der, og eg hugsar ein kveld fyren på nabobordet hadde spydd ut over heile bordet og sovna i sitt eige oppkast.

Vi gjorde serveringsdama merksam på mannens tilstand. Ho tok straks affære, gjekk bort til fylliken, drog han opp etter nakkehåra og ropte: "Hei du! Skal det vere noko meir før vi stenger?"






12 SKREVET

Jonny Koma skåla og slo Harry på skuldra: Du hadde faen ikkje blitt Ola Nordmann om du framleis jobba på verket. Vi smeltarar er ein utdøyande rase, sa Jonny Koma. Snart blir vi stoppa ut og kjem på Globus 2.

Kvar finst dramaet? Kanskje på ein første mai i 1931 då kommunistane og sosialdemokratane i Odda ikkje makta å samordne krefter. Dei krangla om kven som skulle ha fagforeiningsfana, og det endte med at dei gjekk i kvart sitt tog. Dei to toga var ikkje koordinerte, slik at dei tilfeldigvis gjekk opp kvar si gate og støytte saman i det knutepunktet som på folkemunne blir kalt Skrevet. Der fauk dei på kvarandre i real nevekamp. Det blir fortalt om beinharde kommunistar som etter slaget bad til Gud og takka for at fleire sosialdemokratar enn kommunistar hadde blitt arresterte. Og fana til avdeling 44? Ho stod innelåst på fagforeiningskontoret.



FOLGEFONNGATA 4-10
Oppgang 6
Vinter

6a
Lykka mi snur no
Alkisen Gerhardsen bryter seg inn på julaftan, opnar pakkar og kosar seg

6b
Monster
Liten familie på tre med nyfødt unge som har Downs syndrom

6c
Familiejul
Eldre ektepar som har julebesøk av sonen, svigerdottera og ungane

6d
Politidrømmar
Robert Lie, securitasvakt som drømmer om å bli purk, men som er 1,5 centimeter for kort

6e
Blind
Smelteverksarbeidar som har kone og barn, men som er hekta på ei av kassadamene på Domus

6f
Nattvindauge
Jenta Nina vaknar natt til første nyttårsdag og forstår at mykje er annleis


- Åhh Rita Hayworth, åh Rita!
- Takk. Eg ante ikkje kva eg skulle gjøre.
- Eg vil ha ein unge til. Smitt meg. Smitt meg.
- Vil du vere kjærasten min?
- Det er såre enkelt.
Det er alt du ser med auga lukka.
- Kva er det med pikken din i kveld?
Får du han ikkje opp?
- Er du vaken, ungen min?
- Åttande i niande. Tjuetredje i første. Tolvte i femte.
Ellevte i tolvte. Trettiførste i femte. Andre i tiande. Første i andre. Nittande i sjette.
- Kom ut og finn meg, kom og finn meg!
- Henry, skyt! Henry, skyt! Henry, skyt for i helvete!
- I dag, 10 juni 1969, tok Finn Johannesen dei aller første stega på månen.
- Vi kan ikkje ta telefonen akkurat no. Men legg igjen ei melding etter pipetonen, og vi kan ringe tilbake.
- Eg kjenner det på meg. Kjenner det på meg. Eg har fått gullhår i ræva.
- Kjøre, kjøre. Vekk, vekk. Monster, monster.
- Ein halv million, og De får Deres datter tilbake i fin form. Vent på nærmare beskjed.
- Ho er virkelig søt med dei brillene.
- Ja, det var litt av ein ankomst til Odda!
- Du er feit, du er like svær som Murboligen
- Eg ser på dei kroppane, og tenker at alt skal pulast, absolutt alt skal pulast.
- Men Harry Lund er død, han er død som ei sild, eg tenkte bare eg ville seie ifrå.
- It´s very nice to go trav´ling to Paris London and Rome it´s oh so nice to go trav´ling.
- Vil du gifte deg med meg, Fred?
- Eg har seks månader igjen å leve.
Toppen seks månader.
- Foreldra mine er på ferie. Syden.

Sjuk av lykke

Oppe på veggen fanst ei luke. Opna du den luka, kom du til Los Angeles. Så enkelt var det. Du opna luka, stakk ut hovudet og var i Los Angeles.

Ein annan kveld opna du luka og hamna kanskje i Wien. Du sat plutselig oppe i eit pariserhjul med utsikt over lysa i Wien. Neste søndag kunne du opne luka og vere vektlaus. Du svevde om bord i eit romskip utan kontroll, noko hadde gått heilt galt, og denne kvelden var du i livsfare.

Det var eigentlig Erik si luke. Eg var passe misunnelig på han. Han og storebroren hadde denne luka på deling. Inne på det vesle rommet gløda det frå maskiner som pumpa ut ei elv av sølvbilde. Opna du luka og fulgte strømmen, hamna du på andre sida av kloden.Eller ute i verdsrommet. Du kunne aldri vite. Det var det finaste. Du kunne aldri vite. Du opna luka og så var du i Paris. Texas. Nevada. London. Palermo. Marseilles. Hong Kong. På Mars.

Erik. Den heldiggrisen. Han hadde heile denne bygninga for seg sjølv. Etter skuletid sneik vi oss rundt.Vi leikte gjømsel, heldt talar i kommunestyresalen, kom oss opp på taket, såg ut over bygda.

Eg kjenner framleis lukta av heisolje og linoleumsgolv. Eg hugsar framleis lyset inn dei blyinnfatta vindauga og mørket på dei tomme kontora om kvelden.

Eg skulle så gjerne hatt ei slik luke. Eg skulle hatt ei luke eg kunne opne om kvelden og flyge ut. Vekk, vekk herfrå. Med ei slik luke kunne du sjå Richard Burton i dyffelcoat. Robert De Niro med hanekam. Tony Curtis i dameklede.

Du opna luka, og der var Jack Nicholson som fikk kutta opp nasevingene. Du opna luka, og der var Steve McQueen bak rattet i ein bulka bil. Opp med luka, og der var Alain Delon. Kim Novak. Rita Hayworth. Edward G. Robinson. Marlon Brando. Marcello Mastroianni. Martin Sheen.

Eg gjekk i same klasse som Erik. Han var sonen til vaktmeisteren i Odda rådhus. Familien hans budde i bygninga.Vaktmeisterbustaden låg inst i gangen i tredje etasje i det nye rådhuset. Erik herska over eit lite rike som vi andre gutane bare kunne drømme om. Biblioteket. Kontora. Gangane. Trappene. Heisen.

Og så han hadde denne luka. Luka var på veggen oppe i maskinrommet i kinosalen. Du kunne opne luka og sjå ned på lerretet i den digre salen. Når Erik ville, kunne han gå inn hit på kveldstid og sjå filmane som blei viste på Odda kommunale kino. Han kunne gå rett frå guterommet og ut på Sunset Boulevard.

Spolar med drømmar blei mata inn i to Zeiss Ikon-maskiner før lyset hamra dei opp på veggen. Maskinene lagde ein innandørs stjernehimmel som kunne gjøre deg sjuk av lykke. Stig om bord, stig inn, stig opp. Fly meg til Phoenix. Fly meg til månen. Fly meg heilt til The End.

Kvar dag etter skulen gjekk vi bort på kinotrappa for å studere bilda frå filmane som skulle komme. Dei blei festa inne i glasmontrane om kvelden. Det var bilde som lokka og drog, det var bilde som prega og peikte, men vi var ikkje gamle nok til å leggje ut. Ikkje endå, ikkje endå.

Vi kunne nok lurt oss til å få kjøpt ein billett, dama bak det runde glaset i luka brydde seg ikkje. Men det var ei lang, lang trapp opp til kinovakt Tveiten. Han stod øvst oppe, klar til å dømme alle oddingar i to: Dei som skulle få sjå filmen og dei som måtte tusle heim igjen i regnet.

Tidligare hadde Tveiten kjørt kostemaskina. No var han Sankt Peter. Det gjekk eit rykte blant gutane i Odda om at Tveiten hadde eit triks med å vri kinobillettane. Når du kom skjelvande opp trappa og var eitt år og fem månader og sju dagar for ung, måtte du kjenne dette trikset.

Du måtte vite korleis ein skulle vri billetten når Sankt Tveiten tok imot den halvdelen som skulle bli hans. Kjente du ikkje til trikset, måtte du tusle ned igjen den lange trappa mens du kjente fliret til Tveiten svi over heile ryggtavla.

Luka var vår redning. Luka på høgre side av framvisarane. Av og til fikk vi vere med Erik inn dit. Fikk opne luka som gav oss desse små glimta av byar, prærie-landskap, biljardsalongar, skyskraparar, kvinnebryst.

Eg veit. Eg veit. Eg veit.


Eg er bare nostalgisk. Eg er bare romantisk. Eg er bare sentimental. Eg er Sonny og Duane i The Last Picture Show. Eg er Bud i The Long Day Closes. Eg er Salvatore i Cinema Paradiso.

Men det var noko med den luka. Dei første glimta av verda. Dei første glimta av den verkelige verda. Det finst ei anna verd. Det finst ei større verd. Kom deg ut. Kom deg vekk herfrå, gut. Dei bilda sit i framleis. Eg trur du kan sjå dei i Bikubesong.

Dei har sjølvsagt diskutert om dei skal rive kinosalen i Odda rådhus. Salen er blitt for stor, folk går ikkje lenger så mykje på kino, dei har ymta frampå om å gjøre salen til ein fleir-kino. Men eg trur dei har komme til vett no.

Eg veit ikkje. Eg skal ikkje leggje meg bort i det. Eg vil bare at den luka skal vere der, høgt oppe på veggen i kinosalen i Odda. Den innandørs stjernehimmelen. Det sølvglitrande filmlerretet.

Å sjå Orson Welles for første gong. Å sjå Jack Nicholson forsøke å løfte vasken på galehuset: At least, I tried! Å sjå Bernardo Bertoluccis 1900 to søndagskveldar på rad på Odda kommunale kino. Eg veit ikkje. Eg vil bare at den luka alltid skal kunne opnast, at ein framleis skal kunne opne den luka og kjenne seg sjuk av lykke.



FOLGEFONNGATA 4-10
Oppgang 8
Vår

8a
Tillitsmannen
Lilly er med i førstemaikomiteen som tar imot partisekretæren som dumpar i fjorden når han kjem med sjøfly

8b
Sean Penn blues
Smelteverksarbeidaren Sean Penn med ei vakker, raudhåra kone som også direktøren på verket liker litt for godt

8c
Song for ein skuggeboksar
Ung boksar som har ugrei far og grei boksetrenar

8d
Fittetjuven
Oddas varmesøkande rakett, folkevogneigar som lever i femdobbelt tempo

8e
Mannen frå Mars
Kari skal arrangere klubb, men får først ei due på besøk

8f
Gå langs vegen som ein vanlig mann
Harry Lund, kåra til Ola Nordmann personlig, med familie

Blond

Ho er sterkt sminka. Nesten kvit i huda. Falske augnevipper. Tung maskara. Ho ser trist ut. Eg ser på bildet og tenker at ei maske er lagt over det kjente ansiktet. Når som helst kan ho ta opp handa og røske vekk Marilyn Monroe. Under vil ho vere Norma Jean. Fotografen Bert Stern tok ei rad bilde av den amerikanske stjerna i juni 1962. Nokre hører med blant dei aller finaste portretta av Marilyn Monroe. Ho er smilande, flørtande, sårbar. Men dette spesielle bildet viser eit anna ansikt. Eit einsamt ansikt. Ansiktet til ei kvinne som har gått seg vill.

Bert Stern var den siste fotografen som portretterte Marilyn Monroe. Nokre veker seinare svelgde ho for mange sovepiller og døde. Ho sa det sjølv: – Det er eit stort ansvar å vere sexsymbol. Monroe var ei kvinne som tok ansvaret så tungt at ho gjekk under. Livet gjennom spelte ho lojalt rolla som andre hadde gitt henne. Ikonet. Freisterinna. Den blonde bomba.

Eg kjem til å tenke på Marilyn Monroe mens eg leser at motemagasinet Elle har kåra Hardanger til det mest trendy reisemålet i 2003. Dei skriv at "ekte luksus ligger rett foran nesen vår". Hardanger er den nye luksusen. Frisk luft. Reint vatn. Areal.

Reiselivsnæringa i regionen bruker kåringa for alt ho er verdt. I brosjyrer seier dei seg hjartans einige. Toppen av lykke er å sitje med sin kjære under eit epletre i Hardanger. Drikke kvitvin. Sjå på den blå fjorden. Stire opp på den blonde breen. Puste inn nyslått høy. Hardanger er Norges frukthage. Hardanger er Norges Marilyn Monroe. Forførande, lokkande, freistande. Ei blond bombe.

Problemet er at Hardanger ikkje finst. Slik Marilyn Monroe aldri fanst. Norma Jean fanst. Ho var ei plagd kvinne. Eit menneske drive av frykt og eit umettelig behov for å bli elska. Norma Jean var rå emosjonar og ein bunt nervar inne i den karakteren som seinare blei kalt Marilyn Monroe.

Ho sneik seg gjennom livet bak mørke briller. Ho kom aldri tidsnok til filmopptaka. Ho proppa i seg medisinar. Ho drømte om at ho ein dag skulle vise verda at ho verkelig kunne spele. Not a blonde thing. A woman, at last.

Hardanger finst sjølvsagt, også brosjyre-Hardanger i fire fargar og på glansa papir. Du kan reise kvar som helst i verda og få stadfesta det du kom for å få stadfesta. Alt det ytre og innlysande finst der, overflata som reklamefolka og reiselivsnæringa kan fråtse rått i: fjella, fjorden, fonna, frukten.

Men det finst også eit usminka Hardanger. Eit Hardanger som endå ikkje har komme seg til frisøren. Eit Hardanger som ikkje tigger: I wanna be loved by you, doo be doo.

Til dømes ein regnvåt haustdag. Når fjorden blir piska av vind, når tåka er migrene ned over fjella, når epla er ete opp og bare skrotten ligg tilbake. Når ein må melde frå til eit par turistar som har forvilla seg inn fjorden: Hardanger er indisponert. Hardanger er på rommet. Hardanger kjem ned seinare. Eg lover.

Odda finst. Hardanger finst. Både som ein ytre plass og som ein plass inne i oss. Ei verd utan menneske ville ha vore ei verd utan plassar. Det er menneska som skapar stadane. Og den indre staden gir meining for menneska som bur der, for dei som kjem frå plassen eller som har flytta dit.

Kva er Hardangers løyndom? Kva for eit Hardanger finst bak det forførande Hardanger? Kva ansikt dukkar opp når du løftar handa og røskar vekk den blonde bomba?

Svara blir ulike. For Hardanger finst som ein særeigen utkant. Rett nok er han ikkje spesielt stor, men Hardanger er meir enn stor nok til at han er vanskelig å gripe. Ein slik plass rommar så mykje. Derfor blir svara så forskjellige. Sånn

må det vere. Det er meininga. Kunstnarar er ulike. Plassane er ulike. Dei indre plassane er ulike.

Marilyn Monroe lykkast til slutt. I sin aller siste film spelte ho den nyskilte frua Roselyn. I klassikaren The Misfits rører ho seg endelig som ein stor skodespelar. Ho gir liv til ei såra kvinne som driver gjennom dei solblinde gatene i Reno, forbi dei neonlysande spelebulene, ut på dei opne slettene.

Typisk nok er handlinga lagt til skilsmissestaten Nevada, med sitt store aude landskap. Her får du denne kjensla av å vere på månen, denne kjensla av å ha problem med å halde deg fast. Dei einaste graviterande kreftene er ei spritflaske, ein einarma banditt, ei sveitt hand.

Eg trur Nevada må vere sjølve motsatsen til Hardanger. Det eine er oppløysning og uro. Det andre er røter og tradisjon. Det eine er sand og sol. Det andre er fjell og regn.

For begge plassane gjeld det imidlertid å finne det som ligg bortanom glansa papir og feite ord. Under det kjente ansiktet kan du gjerne finne eit anna ansikt. Eit sannare ansikt. Eit vakrare ansikt. Eit ansikt du må stire på heilt til du ser det slik det er.

Not a blonde thing. A woman, at last.





13 DOMUS


Ho sat i kassa på Domus, og han tenkte jøss for ei flott jente, endelig ei fin jente på Domus, tenkte han, det var på tide, jammen ikkje ein dag for tidlig. Dei andre kassadamene på Domus var anten tynne ungjenter som hadde droppa ut av skulen eller slitne husmødrer som hadde deltidsjobb for å sleppe unna ein meir eller mindre tyrannisk ektemann. Ingen av dei såg ut i måneskin.

Er historiene til å stole på? Er forfattaren til å stole på? Ein fredagskveld skulle eg lese opp frå *Bikubesong* i ein mindre by på Vestlandet. Det gjekk fint. Det var bra med folk og god stemning. Eg fikk blomstrar og eit glas vin.


Etterpå fortalte arrangementskomiteen at ein utflytta odding hadde site i baren og jazza seg opp før opplesninga. Han skulle faen meg ta han der Grytten. Han skulle faen meg setje han der Grytten på plass. Han skulle faen meg seie ifrå. Han hadde sjølv vakse opp i Murboligen, og det var slett ikkje slik som Grytten skreiv. Det likna ikkje på ein flekk.

Eg opna kvelden med å seie at eg skulle lese frå *Bikubesong,* ein roman om Murboligen i Odda, men det var ikkje den faktiske Murboligen eg hadde skrive om. Det var ein oppdikta Murbolig, ja, på sett og vis var det min eigen murbolig, eit slags sjølvportrett med 24 ulike sider av ein person. Eg fortalte at akkurat då eg tok til på manus, hadde eg lese om Gunnar Staalesens hundreårs-trilogi. Staalesen hadde sagt i intervju at alt skulle vere rett i bøkene hans. Om det regna den 30. mai 1924, skulle det regne i boka også. Eg tenkte at det verka då veldig kjedelig. Var det ikkje tøffare med ei bok der alt var feil?

Etter innleiing og opplesning var det opent for spørsmål frå salen. Den utflytta oddingen måtte ha fått lagt sine planar i grus då eg snakka om at eg hadde dikta opp murboligen i boka. Eg hørte i alle fall bare at han kremta og sa: "Eg kjenner meg jævlig godt igjen i boka di, Grytten!"









Rykta har gått om at kassadamene på Domus har tatt det noko tyngre. Det er forståelig, sjølv om det står heilt først i boka at all likskap med faktiske personar er tilfeldig. Sjølvsagt er det også personen i forteljinga "Blind" som har sine tankar om kassadamene på Domus. Fyren er litt ute og kjøre.

Det har uansett vore vanskelig for meg å gå på Domus etter at boka kom ut. (Hei, eg bare tullar, hugs at forfattarar ikkje er til å stole på).

14 SMELTAREN

Han drog opp smekken og stira på ein av grafittiane på doveggen: Kåt gutt med kjempestell søker gutt for kos. Under stod eit oslo-nummer. Faens sopar, tenkte Harry, helvetes homo. Han lurte på kva fyren som hadde skrive det der, eigentlig meinte med kjempestell. Kva faen var eit kjempestell? Kor langt var eit gjennomsnittlig stell?

Kvifor 24 historier? Det tok meg fire år å skrive *Bikubesong.* Eg gjorde sjølvsagt andre ting også, men det tok fire år frå eg reiste til Obrestad fyr for å ta til på boka til ho var ferdig trykt. Eg trur det måtte gå så lang tid. Eg ville skrive om alle mulige typar folk, og eg ville gjøre det på ulike måtar, med ulik temperatur og farge. Eg måtte bruke fire år for å gire om så mange gongar, for å skifte fil, bytte bil, lakkere om.

Det er sjølvsagt ein håplaus måte å skrive ei bok på. Å bestemme seg for ein litterær arkitektur der du blir nødt å komme opp med 24 historier. Men når eg først var i gang, så gjekk det overraskande lett. Eg hadde opna skallen og ut kom alle historiene. Heilt til eg hadde 22 historier. Då var det bom stopp. Då slo luka igjen.

Eg fikk lettare panikk. Eg kunne liksom ikkje henge opp eit skilt på to av dørene: "Sorry, her bur det ingen". Eg måtte ha 24 historier. Det var ei klassisk skrive-

sperre: *Tore down a la Rimbaud, and I wish my writing would come.* Så eg måtte presse fram dei to siste historiene, ta dei med keisarsnitt. Det er også dei to eg er misnøgd med i boka. Dei ligg rett nok ikkje til slutt i boka, for eg skreiv alt saman litt hulter til bulter og ikkje i rekkjefølge.

Eg har ikkje tenkt å røpe kva to forteljingar som kom på plass til slutt, men eg kan seie at det ikkje er historia som er lagt til Smeltaren pub, "Gå langs vegen som ein vanlig mann". Det er ein favoritt, og forteljinga fikk eit løft då Det Norske Teatret gjesta Odda i mai 2004. I romanen finst ein grafitti som er skribla på doveggen på Smeltaren: Kåt gutt med kjempestell søker gutt for kos. Og under står eit oslo-nummer.

Då skodespelarane entra den verkelige Smeltaren pub ein vårdag etter ein lang busstur over fjellet, kunne dei ved sjølvsyn sjå ein grafitti nede på doen på puben: Kåt gutt med kjempestell søker gutt for kos.



Og under stod mobilnummeret til teatersjefen.

15 HARDANGER HOTEL

Bare eit par timar før urpremieren fann dei Toralv Skagestad døddrukken på rom 405 nede på Hardanger Hotel. Han snorka høglydt i kvit lerretsdress og hadde spydd i stråhatten.

Er historiene sanne? Eg veit ikkje. Det finst så mange historier. Nokre av dei tar kanskje til i den verkelige verda, så blir dei til noko større, noko meir. Nokre historieforteljarar tar litt for hardt i, nokre legg til, nokre trekker frå. Men kanskje er historiene like sanne for det?

Dei seier at i gamle dagar hadde Hardanger Hotel så god kontroll på gjestane at ein fyr som hadde tatt seg ein tur ut på privat Odda-besøk, fikk telefon frå resepsjonen: "Du, no får du faen meg komma, for no stenge vi, altså!"


Min gamle kjøkkenlærar Borghild Melkeraaen dreiv hotellet lenge. På folkemunne blei det sagt at ho dreiv det *heilt åleine.* Borghild Melkeraaen, som alle kalte Bolla Melkis, gjorde absolutt alt. Sjekka du inn, stod Bolla Melkis i resepsjonen. Ringte du etter romsørvis, dukka Bolla Melkis opp. Om morgonen rydda Bolla Melkis rommet ditt. Og om kvelden spelte eit rumensk orkester opp til dans i spisesalen med Bolla Melkis som vokalist.

Eg veit ikkje om det er sant, eg tvilar, men Odda har neppe henta heim så mange prisar for god sørvis. I alle fall ikkje butikksjefen som skulle forklare kva fargar som fanst på kunstgras på billigsal: "Vi har mørkegrønt, lysegrønt og sånn sjølvlysande oransje, omtrent same farge som på tannkjøtet ditt". Heller ikkje kelneren som fikk kritikk for maten: "Ja, eg visste det, han der kokken har faen meg aldri vore heilt god".

Heilt, heilt sant er det at nokre maidagar 2004 var Hardanger Hotel fylt opp av skodespelarar, musikarar, teknikarar og stab frå Det Norske Teatret. Det var som om forfattaren hadde forsøkt seg som sannsigar i 1999. I forteljinga "Kirsebærpiken" dikta eg om korleis Odda fikk sitt eige sogespel og korleis skodespelarar fylte Hardanger Hotel.

Fem år seinare skjedde det.

16 RÅDHUSET/BIBLIOTEKET

Så hylte Finn og sprang i sinnsvak fart bortover rådhustaket. Ein augneblink var eg sikker på at han skulle springe rett fram og hoppe utfor. Og om det ikkje var 370 000 kilometer ned, så var det meir enn langt nok ned til at Moder Jord ville redusere Finn til ein våt flekk når han nådde bakken.

Kvar tok historiene til? No tenker eg at det eigentlig var i rådhuset i Odda. Det var der alle orda først kom piplande ut. Der alle historiene tok til å putre. På biblioteket i rådhuset. Mellom hyllene av bøker.

Det biblioteket var min andre heim då eg voks opp. Kvar kveld var eg nede på biblioteket, snuste på bøkene, las ei side her, las ei side der, lånte som regel ein stabel med meg heim. Eg hugsar lange ettermiddagar med regn mot bibliotekvindauga.

Å leite etter bøker. Å lukte på bøker. Eg liker å tenke at det er den lukta som har fått meg til å skrive. Lukta av bøker. Lukta av boksider. Bøker luktar heilt spesielt. Dei luktar ein slags klokskap som ikkje finst andre plassar.


Som Morrissey sa: "Eg voks opp på Manchester offentlige bibliotek, avdelinga for krim". Eg kan seie: "Eg voks opp på Odda offentlige bibliotek, avdelinga for krim".

Det biblioteket eg voks opp på, var mest av alt Dordei Raaen sitt verk. Ho var biblioteksjef, kommunist og meinte at arbeidarklassen måtte ha eit godt bibliotek. Då dei på femtitalet skulle bygge nytt rådhus i Odda, fikk ho likevel ikkje vere med på planleggingsmøta. Men ho hadde funne ut at sidan ho var kvinne, turte ikkje dei middelaldrande mennene å kaste henne ut.

Så ho stilte på kvart møte og gjentok sitt mantra: "Det er utrulig viktig med eit godt bibliotek". Og kvar gong dei middelaldrande mennene skulle på utflukt for å sjå på rådhusbygg andre stader, ringte Dordei Raaen i forkant: "Snart kjem ein delegasjon med menn frå Odda, og då må de seie kor viktig det er med eit godt bibliotek."

Delegasjonen dukka opp, og det første dei middelaldrande oddingane fikk høre var: "Det er utrulig viktig med eit godt bibliotek".

Slik blei det. Odda fikk eit utrulig godt bibliotek.





17 KINOEN

Kvar kveld sat ho i billettluka borte på kinoen, trykte dei brune inngangsteikna ut av Bell Punch-maskina, små papirlappar som skulle rivast i to når du kom opp trappa til vakta. Betty Jansen var mørk, slank og kunne ha fått kven ho ville. Alle visste det.

Kven er folk flest? Finst dei? Då eg var i innspurten med manuset til *Bikubesong,* gjekk eg på kino for å sjå Todd Solondz sin *Happiness*. Det er ein film som på fleire vis kan minne om *Bikubesong.* Temaet er det kvardagslige og det vanlige. Det er ei polyfon forteljing med mange karakterar og utan nokon eigentlig hovudperson.

Kanskje hadde eg ein dårlig kveld. Kanskje fauk poenget forbi meg. Men etterpå var eg urolig og rastlaus og forbanna. Eg ville hive meg på bussen og komme meg heim. Eg ville setje meg ned ved datamaskina og skrive om heile manuset.

I kinomørket tenkte eg at regissøren bare gjorde narr av sine eigne karakterar. Eg tenkte at han heldt dei fram for at vi i salen skulle le av dei, for at vi skulle forakte det vanlige livet og flire av dei som har rollar i det vanlige livet. Dei sårbare. Dei rare. Dei ordinære. Eg veit ikkje.

Eg ville uansett heim for å skrive på forsida av manuset: Personane i denne boka er mine, eg har røska dei ut av mitt eige bryst, min eigen plass, eg er glad i dei, alle orda i denne boka er skrivne i kjærleik.

18 OPO

Nede ved elva legg han seg under brua, akkurat der du kjem inn til Odda om du kjører austsida. Han er varm av whiskyen, varm av dampen frå rørgatene som går frå hamna opp til smelteverket, varm av bikkja som kveilar seg inntil han. Lykka mi snur no, kviskrar han til bikkja.

Men finst folk flest? Eg tenker på *Bikubesong* som ei politisk bok. Det slår meg at det vanlige livet ofte forsvinner i litteraturen og journalistikken, ein tar nesten ikkje i det, det er nesten tabu. Vår tid er ein trommel som slenger individ ut i ytterkantane. Autoritet blir gitt til dei som er ekstreme og overskridande. Eit tydelig døme er nynazistane som ikler seg ytre symbol og eit ekstremt språk. Men ytterkanten får alltid merksemd, status og tyngde. Alt frå ekstremsportarar til reality-kjendisar, frå bokbrennarar til dødsstrafftilhengjarar. Mens alt som er i kjerna, det som er fleirtalet, blir borte. Det vanlige, normaliteten, forsvinner eller blir valt vekk.

Det må vere eit mål for ein som skriver å vise at dei personane finst, at dei ikkje er klisjear, at dei ikkje er enkle eller dumme, heltar eller skurkar, men heile menneske. Dei er ikkje feilfrie, tvert om, dei er menneske. Når ein verkelig tar til å sjå på dei vanlige, ser ein at dei har mange ulike sider, dei kan ikkje så lett puttast i ein sekk. Til dømes kan det godt vere at mange av dei hippaste bur i Odda, dei som har greie på soul og kjører scooter. Du må alltid jobbe hardare når du bur i utkanten. Du må vite alt og fange opp alt, du kan ikkje bare skli med, slik ein kan i sentrum.

Om ein ser lenge nok på det som er vanlig og normalt, så viser det seg at det er alt anna enn ordinært. Det politiske i skrivinga tenker eg på som eit forsøk på å gi dei i midten ei slags verdigheit. Å gi dei som ikkje blir tatt vare på andre stader, ein autoritet og tyngde. Halde dei fram som meir enn case eller halve menneske. Vise at det finst eit lys eller ei spenning i det som ikkje alltid er så tydelig elles. Kanskje gjør det også dei vanlige mindre sårbare og vanskeligare å skade for mindretalet som sit med makta.

Å ta røynda på fersken

Det var ein karbidgrå morgon. Skodda hang ned over Odda som om fjella hadde fått migrene. Erling Flattun var einaste tilskodar på rådhusplassen då det raude flagget blei heist. Han tente seg ein røyk. Er ikkje som i gamle dagar, sa Flattun.
Han hadde rett. Det var 1. mai og ikkje som før. Saman med fotograf Oddleiv Apneseth hadde eg reist heim til Odda for å lage ein reportasje om feiringa. Men rådhusplassen låg nesten folketom.

Ingenting var som før. Den gongen oddingane starta dagen med jublande morgonsalutt og høglydt tog. Den gongen vi ungane gleda oss til snopepengar og teiknefilm. Den gongen bare ingeniørane, bøndene og direktøren var kledd i kvardagsklede.

Det var stille. Grått. Vått. Ein liten nordvest fikk fabrikkrøyken til å forsvinne opp dalen og blande seg med skodda. Det raude flagget hang rett ned som ein klut. Flattun var likevel optimist: Litt vind no, så blafrar flagget, sa han.

Seks timar seinare dukka 150 andre oddingar opp for å få med seg minnetalar og appellar. Erling Flattun hadde fått selskap av mellom andre dei to karane på dette bildet. Fotograf Apneseth fanga dei med sitt kamera. Det var regn i lufta. Korpset spelte "Sons of the Brave".

Eg ser på bildet av dei to oddingane og tenker at det finst ei glede over den ytre, faktiske verda. Og ei glede over at nokon har tatt røynda på fersken. Nokon har gått ut der og verkelig tatt røynda på fersken. Nokon har orka.

Vi diskuterte mykje om vi skulle ta med Oddleiv Apneseths fotografi i *Bikubesong*. Han hadde vore i Odda for å ta bilde til omslaget. Langsamt spira ideen om å bruke eitt bilde til kvar forteljing. Men ville det rappe bilda frå lesaren? Ville det styre lesinga? No er eg glad for at vi tok dei med. Dei blei ein del av boka. Desse bilda



som er umiddelbare, men som også skjuler noko, gøymer noko unna. Du blir aldri ferdig med dei.

I fotografiet får du glimt av den fysiske verda. Det finst ei konkret verd der ute, ei verd som er både underlig samansett, vakker og vond på same tid. It's a sad and beautiful world.

Mange av dei beste fotografane har denne intense interessa for det vanlige, for det ordinære. Slik er det: Det ordinære kan raskt forvandlast til noko ekstraordinært. Som oftast krever det bare at du stansar opp og ser to gongar. Og ser du mange nok gongar, ender det vanlige gjerne opp som noko heilt uvanlig.

Dei beste fotografia har sine løyndomar. Du kan sjå på bildet og tenke ditt. Du kan tenke ditt, og så må du sjå igjen. Var det eigentlig slik? Nei. Kanskje ikkje. Og endå ein gong. Hmmm. Kven er desse folka? Kvar dukka dei opp? Kva er resten av historia?

Sjå til dømes på smila til dei to typane på bildet. Sjå ein gong til. Det er smil som ikkje er smil. Det er flir som ikkje er flir. Dei slår Mona Lisa med fleire lysår.

Ein kollega som eg veit at Oddleiv Apneseth er svært glad i, er den engelske fotografen Chris Killip. Ein viktig del av hans arbeid har vore å dokumentere livet til folk i det nordaustlige England.

Det er eit område som minner meg om Odda. Eg ser Odda i fotografia til Killip. Industrien, menneska, atmosfæren. Det grå, det bitre, det viltre, det flirande, det livsfriske, det energiske.

Boka In Flagrante viser Newcastle og Tyne idet Margaret Thatcher forsøker å kvitte seg med denne delen av England. Det er bilde fulle av empati og kjensler. Det er reine, sterke og solidariske bilde.

Eg kom til å tenke på dei bilda då eigarane av smelteverket i Odda bestemte seg for å legge ned produksjonen. Regjeringas ryggmargskjensle var at Odda fikk klare seg utan statlig hjelp. Odda ville ikkje få fem flate øre av den konservative regjeringa.

Då dette blei kjent, fikk eg ein telefon frå NRK Dagsnytt. Dei ville ha ein kommentar. Eg svarte at eg neppe var rette mannen. Dei fikk heller ringe politikarar, eigarar og tilsette.

Men journalisten ga seg ikkje.

Når smelteverket no blir lagt ned, kva skjer med dei som du skriver om i *Bikubesong*? spurte ho.

Sjølvsagt kan ein bli smigra over å bli bedt om å gi kommentarar til NRK Dagsnytt. Men seinare tenkte eg at noko måtte ha skjedd ein stad på vegen. Forteljingar har framleis kraft. Fiksjon har ein funksjon. Meir enn noko anna kan forteljingar vise fram heile menneske, sårbare menneske.

Sjølv om regjeringa ikkje hadde fått det med seg, hadde nokon skjønt at dette handla om menneske av kjøt og blod, ikkje tal i ein statistikk.

Som Nils Olav Nilsen og Johannes Helland på bildet. Begge jobba på Cyanamiden på Smelteverket i Odda. Begge mista jobben.

I forordet til In Flagrante dveler John Berger og Sylvia Grant ved ordet "luv". Det er eit engelsk vedheng til det muntlige språket. Eit kjære. Eit love. Ein språklig hale full av omtanke.


Berger og Grant registrerer at ordet er i ferd med å forsvinne frå dagligtalen. Dei spekulerer på om ordet blir borte som ei følgje av at også solidariteten og samhaldet er i ferd med å forsvinne.

Når eg stirer på fotografia til Chris Killip, tenker eg likevel at kvart einaste av dei

har det ordet etter seg. Luv. Eg ser bildet av mannen som har ramla ned trappa hos frelsesarmeen og ligg med brillene på skeive. Bildet seier: Reis deg opp, kjære! Get up, luv!

Bilda til Oddleiv Apneseth har også det ordet etter seg. Dette bildet har det. Det lyser lang veg. Dei der to fine fyrane. Den ikkje heilt dynamiske duoen. Fanga ein grå dag i ei grå bygd. Det er fylt med kjensler. Kjærleik. Liv. Luv!

Eg veit ikkje, men eg trur det må vere målet med å fortelje. Anten ein no balar med fotografering, romanskriving eller teater. At ein tar røynda på fersken, at ein gjør det på slikt vis at nokon sukkar når siste bilde er vist, at nokon seier det når lyset går ned, at nokon kviskrar når siste side er lese: … *luv* … *luv* … *luv* …



FOLGEFONNGATA 4-10
Oppgang 10

Sommar

10a
Å kaste hattar opp i lufta
Klassens klovn som har endt opp som likningsfunksjonær


10b
Popsong
Ho og han har nettopp flytta inn, men får trøbbel med blodmidd


10c
Kirsebærpiken
Den unge Astri, som den noko eldre Toralv Skagestad legg seg etter

10d
Vasstoffhyperoksid
Frelsessoldat og kinomaskinist Olsson som pendlar friskt mellom Gud og Isabella Rossellini

10e
Newcastle-Upon-Tyne
Ung mod og platesamlar som får besøk av alkisen Gerhardsen

10f
Jetlag
Kvinne som er filmskapar og bur i New York, kjem tilbake til foreldra i Murboligen






19 ERRAFLOT

Nokre dagar seinare kom vepsebolet rullande mot Fittetjuven. Midt på natta braste bilen ned langs fortauet utan kontroll. Fittetjuven hadde nettopp besøkt ei ingeniørfrue som budde i ein av dei brattaste bakkane på Erraflot. Det var ei ulykkelig ingeniørfrue.

Kan ein roman hamne i trøbbel? Eit par år etter at *Bikubesong* kom ut, fikk eg høre ei historie frå ein stad nord på Vestlandet. Det var laurdagskveld og to menn hadde hamna i klammeri. Den eine sa til den andre: "Har du lese den boka til Frode Grytten?" Det hadde han ikkje. Førstemann sa: "Då trur eg du skal lese den. Det er ei bok som heiter Bikubesong". Andremann lurte på kvifor han skulle lese boka. Førstemann sa: "Fordi det finst ei forteljing der som heiter Fittetjuven". Då smalt det.



20 TYSSEDALSVEGEN

Då dei kom ut av Tyssedalstunnelen, såg han dei blenkande lysa på ein bil som hadde kjørt av vegen. Lysa blinka av og på, av og på som ein alarm ingen kunne høre i desemberkvelden.

Så kva er det med Odda? Eg hadde aldri trudd at det skulle skje, men dei siste åra har eg vore ein reisande i steinrøys. Eg har reist med Odda i veska mi over heile landet, utanfor landet, til Moskva og Gøteborg og Åland og Zürich og Wien og Berlin og Frankfurt og München og Zagreb og Beijing.

Heile tida med Odda i veska. Og heile tida har eg tenkt at eg må forsvare steinrøysa, forsvare Odda, vere advokat for oddingane, vera Tor Erling Staff for Norges negrar. Men etter kvart har eg seinka skuldra. Odda trenger ikkje det. Odda trenger ingen advokat. Odda klarar seg fint. Heilt fint.

21 LINDEHUSET

Plassen pulserte, plassen hadde fått liv, plassen syda og kokte, det var ikkje bare dødvatnet av ein juni månad då ingenting hendte og alt stengte klokka halv fem. Alle ville vere med på det som skjedde no, alle ville ha ein del av det eventyret det var at Odda fikk sitt eige sogespel. Ingen ville legge seg desse kveldane. Dei ønskte at det skulle vare og vare.

Kva finst bak forteljingane? Dei seier at du kan sjå livet passere i revy. Visse augneblink minner om filmar eller romanar. Nokre augneblink blir løfta opp eller grensar til det uverkelige, noko forsvinner inn i forteljinga eller fiksjonen.

Eg hadde ein slik augneblink då eg såg teaterversjonen av *Bikubesong* for første gong. Eg tenkte at karakterane hadde gått heile vegen, frå det verkelige liv der eg hadde henta dei, inn i fiksjonen, og tilbake til det verkelige liv igjen. No stod dei foran meg og spelte ut alle forteljingane.

Men eg såg ikkje bare sjølve stykket, eg såg også ein film bak stykket, ein film som var sjølve livet mitt. Alt som skjedde då eg skreiv dei forteljingane og dei replikkane. Og ikkje bare det, det fanst ein film bak der igjen: Alle hendingane eg hadde henta fiksjonen frå. Alle episodane eg hadde rappa bikubesongen frå.

Snurr film! Ditt eige liv!

Det aller finaste var å gå frå barndomsheimen på Hjøllo ein måndag i mai, seie til foreldra mine at eg tok meg ein tur på teater og så gå ned Røldalsvegen, gå ned den vegen eg hadde gått så mange gongar, gå ned der og så gå inn på smelteverket, inn på Lindehuset og sjå *Bikubesong,* eit teater i Odda ein måndags kveld, eit teater i Odda, om Odda.

Det var perfekt. Det regna til og med den måndagen.





22 SMELTEHUSET


Sean Penn fikk vite det då han var på natt i smeltehuset. Heile og halve bygda visste det allereie. Han var blant dei siste som fikk vite at direktøren stod i med kjerringa hans.

Kva er den fjerde f-en? Eg hugsar ein sommar eg jobba på smelteverket. Det året hadde dei sommarvikarar også frå Gambia, og dei karane var heilt blåsvarte i huda. Men når dei jobba i smeltehuset, blei dei gradvis dekt av eit tynt lag karbidstøv som likna mjøl på ansikt og hender. Når skiftet var over, gjekk dei i dusjen for å vaske støvet vekk. Ein av dei faste på skiftet greidde sjølvsagt ikkje å dy seg: "Dei der er faen meg dei første eg har sett som blir svartare og svartare jo meir dei dusjar".

Eg skal ikkje dra det for langt, men det er ikkje vanskelig å tenke på oddingane som Norges svartingar. Sjølv om ein odding etter skiftet gjekk i dusjen og blei bleik igjen, så har oddingen lenge vore Norges neger. Vi kjem frå dette svarte hòlet. Heile Odda var sota ned, som i ein Dickens-roman. Mor mi kunne til dømes ikkje henge ut klesvasken for då blei alt svart. Far min sin grå PV blei bare mørkare og mørkare i huda.

Men den tida er over no. Verket er stengt, lufta er reinare og sola må ikkje stikke seg gjennom ein graut av røyk. Kanskje blir Odda igjen ein turiststad? Alt det vakre finst her framleis. Som ordførar Mikkelsen sa det i ein tale på Hotel Continental i Oslo då plassen var nominert til årets kulturkommune: "Odda er dei fire f-ane: Fjord, fjell, fonn ... Og den siste f-en hugsar eg ikkje akkurat no."

Då kunne eg kviskrande supplere: "Fittetjuven!"



23 HJØLLO

Eg hugsar då vi leikte i slagghaugane borte på smelteverkstippen. Vi fylte flasker med vatn frå elva, pelma vatnet ut over karbidhaugane og tente på med stikker. Når vatn kjem i kontakt med karbid, blir det danna acetylengass, og driten eksploderer når du fører ei stikke borti.


Så kven har fyr?


Alle plassar har sine hjarteslag, sin rytme, sin puls. I Oslo er det kanskje dei lyseblå trikkane som skranglar avgarde og kjører rett inn i eit Jan Erik Vold-dikt. I Kraków er det gjerne trompettonane frå kyrkja som sildrar ut over torget kvar heile time døgnet rundt. I Dublin må det vere det maniske, nesten rap-liknande preiket som fyller byen.

I Odda har eg tenkt at rytmen blei lagd av vaglene på taubanen som sleppte kalkstein ned i lageret på Nylandsflata. Eit seigt, trygt hjarteslag var det. No er det borte. No er det så stille i Odda, som etter at du har spelt ei god plate.

Likevel seier dei at sørgetida er over i Odda. No er det på tide å ta på seg hatten, reise seg og halde hovudet høgt. Eg er i alle fall privilegert som har ein slik plass å skrive frå. Sjølv om eg reiste frå Odda då eg var atten, så reiste eg aldri. Odda ligg i alt det eg skriv, i språket, haldninga, historiene og stilen. Gata kviskrar namnet mitt, om og om igjen.

James Joyce sa det slik: "Om eg kan nå inn til hjartet på Dublin, kan eg nå inn til hjartet på alle plassar.








24 RØLDALSVEGEN

Han følte seg heilt fin, som om han hadde vore ein annan person og no hadde komme til seg sjølv igjen. Han skulle gå langs vegen som ein vanlig mann. Det var eigentlig alt han ønskte. Å gå langs vegen som ein vanlig mann.

Kvar kjem forteljingane frå?

Rett før *Bikubesong* kom ut, skreiv eg ein liten tekst om korleis eg trudde det skulle gå med boka ute i den store verda: "I september kjem min første roman. Det blir årets nedtur".

Av og til er det kjekt å ta feil. Av og til er det bare å snøre på seg skorne og gå langs vegen som ein vanlig mann.



Det første rommet

Eg er 41 år då eg vaknar på det rommet som mor mi framleis kallar mitt. Det er ein stille morgon. Eg ligg i senga og lyttar etter regn. Det må vere dropar som treffer tak og vindauge? Jo, der er ein. Og der er ein. Og der.

I løpet av natta meiner eg å ha hørt kraftige regnskyll, men eg har sove for godt til å vite bestemt. Seint i går kveld regna det i alle fall, og folk var urolige. Ville det regne også på sjølve dagen?

Eg kan høre mor mi ute på kjøkkenet. Ho lagar til syttandemai-frukost. Trass alderen rører ho seg med lette steg, som om ho nesten ikkje er der. Alt eg kan høre er lyden av kjørel og bestikk. Skap som blir opna og lukka. Pålegg som blir skore opp med den gamle kuttemaskina.

Mor mi er ei kvinne av sin generasjon, av si tid. Ei som jobbar heile tida. Ei som gjør alt for alle andre. Ei som aldri tenker på seg sjølv.

Eg ligg i senga og er åtte år igjen. Eg er ti år. Eg er tolv år.

Men dette er ikkje lenger mitt rom. Ein stad på vegen blei det eit anna rom. Veggane har ny tapet og nye bilde. Plakatane av engelske fotballspelarar med feite kinnskjegg og skitne drakter er for lengst plukka ned.

Stjernene er erstatta med foto i svart og kvitt av forfedrene mine. Min eigen familie har tatt over rommet og fortrengt barndomens heltar. Likevel er det som om eg har mista rommet. Den marka eg vann i ung alder, er gitt tilbake til ei nøytral okkupasjonsmakt.

Eg står opp og ser ut. Nokre skyer heng ned over Folgefonna, men det har slutta å regne. Det går opp for meg kor stille det er. Trallebana borte på smelteverket er ikkje i bruk. Vognene heng i lufta som ei rad med punktum. Eigarane har nettopp vedtatt å legge ned hovudproduksjonen på Odda Smelteverk.

Kvar morgon i barndomen vakna eg til den lågfrekvente lyden. Gnissinga og skuringa frå eit smelteverk som aldri kvilte. Drønnet frå vognene på trallebana som pumpa ut kalkstein i lageret på Nylandsflata.

Seinare har eg tenkt at det var Oddas hjarteslag. Kalksteinen som fall frå vognene ned i lageret på Nylandsflata. Eit seigt hjarteslag. Eit slag kvart trettiande sekund.

Men eit hjarteslag var det. Eit nytt hjarte, eit sterkt hjarte som moderniserte dette landet. Plassar som Odda førte nasjonen frå primær til sekundær i eitt einaste klyv.

Og i 1906 var ikkje regjeringa mykje passiv: "Den nye arbeidsdagen ventar på oss alle," var klar melding ut. Når produksjonen no skal leggast ned nesten hundre år seinare, er det som å røske ut hjartet på ein gammal, stolt neger.

I hylla på rommet står nokre av dei gamle bøkene mine. Pluss eldre utgåver av National Geographic. Eg hugsar at mor mi spurte om ho skulle kaste dei. Men eg hadde ikkje samvit til å kvitte meg med fortida mi.

Eg blar litt i magasina med gulna sider. Ser at det er reportasjar frå både Svartehavet, Dakota, Ghana og Japan. Eg stoppar opp ved eit fantastisk bilde frå Kamakura-festivalen i Yokote. I hundrevis av små iglooar skin lys til ære for vassgudane.

Eg blar meg tilbake til barndomen og studerer bilda som fikk meg til å lengte vekk. Kom deg bort, kviskra dei bilda, kom deg vekk frå dette hòlet, det finst ei anna verd, ei større verd.

Eg blir glad då eg finn ein artikkel om Irland, festar meg ved eit bilde av Dublin. Det er tatt frå eit høgt punkt på sørsida av byen og viser elva Liffey med bruene som syr Dublin saman. Eit resignert lys kvilar over husa.

Det er det same lyset som eg kjenner så godt no, men eg ser raskt at dette er ein annan by. Eg var i Dublin seinast for fjorten dagar sidan. Den sakte og melankolske syttitalsbyen frå bildet er så godt som borte.

Eg har nettopp skrive mi eiga reiseskildring frå Dublin. I bagen har eg med eit eksemplar til foreldra mine. Eg er spent på kva dei synest om boka, sjølv om eg veit at dei ikkje kjem til å seie anna enn at dei har lese henne. Vi har no lese boka di, kjem dei til å seie seinare på telefonen, og så vil det bli stille nokre sekund.

Det var underlig å skulle skrive om ein annan plass enn sin eigen. Lenge kjente eg meg språklaus. Eg var i framande hender. Eg måtte vente til den nye plassen opna seg for meg, til han var raus nok til å slippe meg heilt inn. Eg måtte vente til eg sjølv blei ein del av Dublin.

Med Odda er det annleis. Odda er heime. Odda er allereie opna for meg. Odda er i blodet, Odda er i meg, eg er Odda, eg treng ikkje stresse for å bli plassen. Med Odda kan eg kan bare gå rett inn og skrive.

Om heimplassen din kan du bløffe og lyge til du blir blå i trynet. Likevel er alt rett, likevel er alt sant.

Ved frukosten fortel far min at det er Terje Kollbotn som skal halde talen for dagen. Far min smiler og seier at radikalaren Kollbotn sikkert kjem til å snakke om mappa si. Eg tenker at det gjerne ikkje er det dummaste temaet ein syttande mai.

Då eg og bror min vaks opp, var det ingen forskjell på første og syttande mai. Det var same leksa: salutt, tog, korps, film, is, leikar, talar, meir is. Vi måtte omtrent bli kjønnsmogne før vi skjønte at det verkelig var forskjell på dei to dagane.

No vil eg gjerne at denne likskapen skal seie noko om Odda. At Odda har vore ein internasjonal stad, at Odda har hatt ansiktet vendt utover og ikkje grave seg ned

i det nasjonale. Men eg er ikkje sikker på om det er sant. Det var gjerne bare slik det blei. To nesten like dagar. To regndropar i mai.

Uansett har Odda vore sterkt prega av at industrien blei etablert med både kraft og tempo for hundre år sidan. Det skapte ein stad som har vore røff og ru, men også solidarisk og ujålete.

Eg seier ingenting til far min om at eg blei spurt om å halde syttandemai-talen. Eg takka nei. Eg visste ikkje kva eg skulle seie. Eg er ikkje ein gong sikker på om eg er for nasjonalstaten. Det hadde eigentlig vore vittig, med ein syttandemai-talar som dundra laus på nasjonalstaten.

Men eg er ingen talar. Ein einaste syttandemai-tale har eg halde i mitt liv. Det var i Øystese. Då snakka eg om ishockey.

Det var den svenske lyrikaren Bengt Berg som lanserte ein teori om kvifor vi nordmenn feirar syttande mai. Han meinte at det er for å markere at ishockey-sesongen er over.

Berg snakka om ishockeypucken som eit symbol på vemod. Pucken er svart tvers gjennom og minner om tungsinnet som pregar folk i nord. Når hockeyspelarane dyttar pucken mellom seg, dyttar dei eigentlig vemod fram og tilbake over isen.

Derfor er dei så gode til å handtere ein puck, både finnar, svenskar, russarar og kanadiarar. Men ikkje nordmenn. Nordmenn har ikkje taket på ishockey. Nordmenn manglar vemodet. Derfor feirar vi syttande mai. Norge kan igjen tre inn i det nordiske fellesskapet. Ishockeysesongen er over.

Salutten kjem presis klokka åtte. Eg går bort til vindauget, står akkurat som då eg var gut, stirer opp mot punktet i fjellsida der skota materialiserer seg som kvite

røykskyer. Sjokket etter kvart skot kjem ned hit på Hjøllo nokre sekund etter at eg oppdagar røykskya.

Då vi var ungar, hendte det at skota kom fullstendig hulter til bulter. Vi spøkte alltid med at det var alkisane i Odda som hadde ansvaret for utskytinga. Natt til syttande sat dei oppe i fjellsida med kvar sin ølpose og drakk seg til mot. Så fyrte dei laus.

I dag kjem salutten stødig og presist. Anten må alkisane ha fått avløysing eller så har dei vore på avrusing hos Betty Ford.

Etter frukosten kjører vi frå Odda ut i fjorden. Eg er rastlaus og ivrig etter å komme meg over kommunegrensa. Hovudstaden i Hardanger er plutselig ikkje god nok. På sjølvaste nasjonaldagen fornektar eg min eigen heimstad.

Men det er som om det finst to landskap her. Eit Hardanger. Og eit ikkje-Hardanger. Det er nærmast to motsette ikon. På den eine sida finst eit Hardanger som stig fram i brosjyrene: fjorden, fjella, frukta, fossane, breen, bunadane, harding-felene.

På den andre sida har du eit ikkje-Hardanger slik det blir framstilt i massemedia: industrien, nedlegginga, fråflyttinga, forureininga, narkotikaen, rasfaren, dei dårlige vegane. Som om Hardanger har skapt sitt eige vrengebilde, eit monster midt i Norges frukthage, ein karbidgrå undergravar av det nasjonale.

Eg liker det sånn. Utan bastardane Odda og Ålvik hadde dette landskapet ikkje vore til å halde ut. Då hadde det ikkje vore noko å setje fingeren på. Det må finnast skår i det perfekte. Det må vere feilsting i hardangersaumen.

Ute i Ullensvang blir skyene sakte løyste opp. Snart kan vi skimte fonna på vestsida. På Sørfjorden kjem ein mann padlande med norsk flagg stikkande opp frå kanoen. Fyren er i ferd med å padle seg rett inn i NRK si direktesending.

Det ville ha vore ein nasjonal skandale. Ei heil brureferd ligg nemlig klar på fjorden. Om nokre minutt får Tidemann og Gude meldinga på mobilen: "Tid for å ro nordover, tid for å gli inn i alle kamera og norske hjarte!" Ein anarkistisk kano i bakgrunnen kunne fort ha øydelagt idyllen og illusjonen.

Hardanger må ikkje rokkast ved. Hardanger er heilag. Nede ved Lofthus-kyrkja får ungane beskjed om å halde plassane sine. Dei må hugse å blåse i fløytene. Dei må hugse å vifte med flagga.

Alt er tenkt ut. Alt er regissert. Kvar kameravinkel. Kvar rørsle. Som om syttande mai i Hardanger ikkje er nok i seg sjølv. Som om nokon på eit produksjonsmøte har vedtatt at Hardanger må gangast med seg sjølv.

To minutt til sending. NRK sine monitorar står monterte mellom nyutsprungne bjørketre. Ein eldre harding går tett opp til den eine skjermen som førebels bare viser ufokuserte bilde. Han snur seg forvirra mot dei andre nysgjerrige som har samla seg nede på Tangen: - Er dette live?


Dagen etter flyr eg frå Bergen til Oslo. Flyet går rett over Odda. Eg sit på høgre side og frå flyvindauget liknar landskapet ein modell av pappmasjé, av den typen vi lagde på skulen for å forklare samspelet mellom fjord, fjell og fonn.

Sola skin med eit kvitt lys som avslører alt under meg. Eg ser grøne frukthagar, raude bygningar og grå bilvegar som slyngar seg langs strandlinjene. Eg hugsar då vi var små og skreiv denne adressa etter namna våre: Hjøllo, Odda, Hardanger, Norge, Europa, Verda, Universet. Oppe i flyet tenker eg at no er adressa fullstendig snudd på hovudet.

Eg svever nesten ute i Universet. Eg kan sjå ned på Verda, Europa, Norge, Hardanger, Odda. Langt der nede er til og med Hjøllo. Eg tenker at eg ikkje lenger er ein svart puck. Eg er tolv år, eg er ti år, eg er åtte år.

Eg tenker at vegen ut er endelaus. Men om du vender heim, er vegen alt anna enn endelaus. Då vil du til slutt, før eller seinare, hamne i ei gate, i eit hus, i eit rom.

I det rommet som for alltid vil vere ditt.



FAKTA HARDARE ENN GRANITT

Murboligen blei teikna av bergensarkitekten Egill Reimers i 1913. Utkasta til fasade- og planteikningar er daterte september det året og har påskrifta *AS North Western Cyanamide Co. Odda. Arbeiderboliger paa Bakke.* Den nye karbid- og cyanamidfabrikken i Odda var ein suksess, talet på tilsette steig raskt og Murboligen blei ei løysing på bolignauda.

Bygget kom opp i Dr Boyds gate (seinare Folgefonngata) ved sidan av Folkets Hus og ein del mindre arbeidarbustader. Bygget blei reist på eit par år og gjekk først under namnet Storboligen. Nemninga Murboligen fikk det sannsynligvis på grunn av dei utvendige murflatene og dei innvendige murveggane.


Murboligen hadde i alt 44 bustader då han stod ferdig, 30 bustader med to rom og kjøkken, pluss 14 bustader med eitt rom og kjøkken. Stilen kan karakteriserast som seinhistorisme med jugendpreg. Planløysingane i huset hadde likevel meir modernistiske trekk. Arkitekten Egill Reimers er også kjent som mannen bak bergensbygg som Turnhallen, Statsarkivet, Tinghuset og Historisk Museum.

Det var planar om å byggje fleire hus av same type som Murboligen, men økonomiske problem på fabrikken stansa desse planane. Rett over Folgefonngata frå Murboligen ligg i dag NVIM sitt museum som viser historiske arbeidarbustader frå både 20-, 30- og 50-talet.

Bikubesong kom ut i september 1999. Romanen fikk same haust Brageprisen, og blei nominert til følgande prisar: Nordisk Råds litteraturpris, Kritikarprisen og P2-lytternes pris.

Boka er omsett til dansk *(Bikubesang)*, svensk *(Bikupesång)*, nederlandsk *(Het lied van de bijenkorf)*, tysk *(Was Im Leben Zählt)*, albansk *(Dritarja e natës)*, kroatisk *(Pjesma Kosnice)*, kinesisk *(Feng Xiang zhi Ge)* og kjem på fransk i løpet av 2005. Alle desse finst i Hardangersamlinga i på Odda bibliotek.

Den 5. september 2003 hadde teaterversjonen av boka premiere på Det Norske Teatret i Oslo. Lasse Kolsrud hadde dramatisert romanen for scena og regisserte sjølv stykket. Det Norske Teatret spelte også *Bikubesong* ti gongar i Lindehuset på smelteverkstomta i Odda i mai 2004. *Bikubesong* vil i løpet av våren 2005 vere spelt for 120 fulle hus på DNT og skal spelast igjen hausten 2005. For sin regidebut har Lasse Kolsrud fått både Heddaprisen og Kritikarprisen.




alle tekstar : frode gryttem
alle foto : oddleiv apneseth
framsiding : konvoi, bergen
 arvon johnsen, bernt e. johnsen
 trykt hos mgh
innbinding : bokbinderiet
 johnsen
oppdragsgivar : nina longtorp,
 odda kommune

alle handskrivne notat
og alle teikningar i bока
er artenttiske og forfattarens eigne

isbn 82-993418-2-5



forfattaren
sjølv


FOLGEFÖRNGATA 4-10
HÖST
VINTER
VÅR
SOMMAR
4A
4B
4C
4D
4E
4F
6A
6B
6C
6D
6E
6F
8A
8B
8C
8D
8E
8F
10A
10B
10C
10D
10E
10F
Feit, skalla og glitter
Sol i eit tomt rom
Betty og Henry (miss odda '58)
Wreck on the highway
Familiejul
Dublin
Losing in front of your hometown
Egen 40-no, like gammal som Morrissey
Prinsessa av Burundi
Moon River
I'll be crossing you in style (some day)
(Blind?)
Monster?
Robert Lie (Feit, skalla og glitter)
Stiffly (sjö jag hund hitta)
Tillitsmannen
Sean Penn blues
Jiddy
Hattjak
Gå lagos veg en som ein vanlig mann!
Popsong
Newcastle-Upon-Tyne
Kirsebær-pigen
Jetlag
Fantomsmerte!
Pva
Old Nordmann
Kina
Skrugge-bokstaver
Fotballgreven!
Vår
Sommar

Kvar tok forteljinga til? Korleis kan du dikte ein heil by? Er historiene til å stole på? Kvifor 24 historier? Og kven har fyr? Dette er boka om korleis Frode Gryttens *Bikubesong* blei til. Det er boka bak boka. Det er boka om løyndomane i bikuben. Frode Grytten går langs vegen som ein vanlig mann og stoppar 24 stader i Odda.